

OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

.....

INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT AS

STAD:**Videokonferanse**

Intern video – ring; 997097

Eksterne video – bruk adressa; 997097@nhn.no

Telefon – ring; 77602100, tast 997097#

MØTETIDSPUNKT: Onsdag 21.09.2016, kl. 08.30 – 11.30

GÅR TIL:**Styremedlemmer**

Olav Klausen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Jon Bolstad	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Mette Kamsvåg	Medlem
Bodil Lekve	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen	Medlem
Ørjan Midttun	Medlem

Styremøte er ope for publikum og presse

Bergen, 14. september 2016
Helse Vest IKT AS

Herlof Nilssen
Styreleiar

SAKSLISTE:**UNDERLAG:****OPNE SAKER**

Sak	46/16 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	47/16 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 02.06.2016	Vedlagt
Sak	48/16 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	49/16 B	Rapportering frå verksemda per august 2016	Vedlagt
Sak	50/16 O	Status budsjett for Helse Vest IKT for 2017	Vedlagt
Sak	51/16 B	Status internkontroll	Vedlagt
Sak	52/16 B	Rapportering av risiko per 2. tertial 2015	Vedlagt
Sak	53/16 O	System – samordning, standardisering og arkitektur	Vedlagt
Sak	54/16 O	Status «Tilgang på tvers»	Vedlagt
Sak	55/16 B	«Optimalisering EPJ forvaltning» - overdraging av verksemd	Vedlagt
Sak	56/16 O	Driftsproblem etter oppgradering av DIPS/Oracle	Vedlagt
Sak	57/16 O	Status oppfølging Forretningsplan	Vedlagt
Sak	58/16 O	Oppfølging arkitektur og integrasjon – HELIKS	Vedlagt
Sak	59/16 O	Status portefølje – økonomi og gevinst	Vedlagt
Sak	60/16 B	Forskningsfinansiering og Helse Vest IKT AS	Vedlagt
Sak	61/16 D	Oppfølging «sourcing» - Seksjon Utvikling	Vedlagt
Sak	62/16 B	Evaluerer Driftssenteret	Vedlagt
Sak	63/16 B	Innkalling til ekstraordinær generalforsamling – skifte av revisor	Vedlagt
Sak	64/16 B	Utkast til møteplan for 2017	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	65/16 O	Krav om erstatning KULE ELK – Inventura	Vedlagt
Sak	66/16 O	Oppfølging av «SAM review» – Microsoft	Vedlagt
Sak	67/16 O	Eventuelt	

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

STAD: Scandic Airport Stavanger, Sola lufthavn

MØTETIDSPUNKT: Torsdag 02.06.2016, kl. 14.30 – 18.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Herlof Nilssen	Leiar
Olav Klausen	Styremedlem
Inger Cathrine Bryne	Styremedlem
Jon Bolstad	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Mette Kamsvåg	Styremedlem
Bodil Lekve	Styremedlem
Agnete Sjøtun	Styremedlem
Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen	Styremedlem
Ørjan Midttun	Styremedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Eivind Gjerdal	Styremedlem
----------------	-------------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Erik M Hansen, administrerende direktør
Leif Nordland, økonomisjef
Øyvind Sjøthun Røen, kommunikasjonsansvarleg

SAKLISTE

OPNE SAKER	
Sak 33/16 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 34/16 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 27.04.2016
Sak 35/16 O	Administrerande direktør si orientering
Sak 36/16 B	Rapportering frå verksemda per april 2016
Sak 37/16 B	Innkalling til ordinær generalforsamling
Sak 38/16 B	Søknad om langsiktig finansiering
Sak 39/16 B	Rapportering av risiko per 1. tertial 2015
Sak 40/16 B	Sluttrapport «Strategiar for sourcing»
Sak 41/16 O	Status for verksemdsprosessar (ITIL) i Helse Vest IKT
Sak 42/16 O	Status «Tilgang på tvers»
Sak 43/16 O	Status «Optimalisering EPJ forvaltning»

LUKKA SAKER

Sak 44/16 O	Modernisering av infrastruktur for Helse Sør-øst RHF. <i>Orientering ved teknologidirektør Thomas Bagley, Helse Sør-øst RHF</i>
Sak 45/16 O	Eventuelt

Styret sitt kvarter

Sak 33/16 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Det vart ikkje meldt inn saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 34/16 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 27.04.2016

Oppsummering:

Det var ingen merknader til protokoll frå styremøtet 27.04.2016.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 27.04.2016

Sak 35/16 O Administrerande direktør si orientering

Oppsummering:

1. *Sak om «system – standardisering og samordning»*
Adm. dir. informerte om at administrasjonen vil komme attende til dette tema i det fyrste styremøtet hausten 2016.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 36/16 B Rapportering frå verksemda per april 2016

Oppsummering:

Administrerande direktør informerte styret om status for verksemda. Servicegraden for april vart 86 %, og trenden for mai er og over 80 %. Saker løyst på time er igjen på 60%, ei negativ utvikling sidan mars. Talet opne episodar har vist ein positiv utvikling frå medio 1. halvår. Brotprosentane for både episodar (30 %) og særleg leveransar (17 %) er på akseptable nivå.

Styret ville vite kva som var årsaka til at fleire av dei store prosjekta ikkje hadde nådd måla sine. Det er utfordrande status for KULE, DMA og Overgang til DIPS Arena.

Administrerande direktør informerte om overordna vurderingar knytt til utfordringane i KULE-prosjektet. Eit forhold som er erkjent i ettertid er at oppstart i Mottaksklinikken i Helse Bergen vart planlagt på eit for tidlig tidspunkt, noko som har kosta prosjektet mykje kapasitet. Overgang til DIPS Arena er sett på dagsorden i styreseminaret 03.06.2016.

Erfaringane for dei som har starta med KULE er positive. Det veg opp for dei problema som har vore med oppstarten. Utsetting av prosjektplanar er ei stor utfordring for føretaka, både med omsyn til planlegging av ressursar og den økonomiske belastninga. Det er difor

svært viktig at reviderte prosjektplanar vert fylgt. Styret er og klar på at arbeidet med gevinstrealisering må følgjast opp.

Leif Nordland gjekk deretter gjennom data for økonomi og personell per utgangen av april. Han viste til at Helse Vest IKT har levert fleire prosjekttimar på driftsprosjekt enn budsjettert. Ballansen mellom prosjekttimar til drift og prosjekttimar til investeringar må endrast for resten av året dersom Helse Vest IKT skal økonomisk sett skal gå i balanse. Styret ynskjer ein betre styring av økonomien knytt til driftskostnader i porteføljen. Sjukefraværet utviklar seg framleis positivt og "turn over" er på sær s lave nivå.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapport frå verksemda for april 2016 til etterretning.
2. Styret bad administrasjonen kome tilbake med ei sak om styring og økonomi i prosjektporteføljen, både internt i Helse Vest, og ut mot leverandør.

Sak 37/16 B Innkalling til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS

Oppsummering:

Innkalling og saksdokument vart lagt fram.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret kallar inn til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS i tråd med innkalling og vedlegg.

Sak 38/16 B Søknad om langsiktig finansiering

Oppsummering:

Søknad om langsiktig finansiering er ein konsekvens av planlagt investeringsnivå for 2016, jfr. sak 071/15.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 071/15 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2016 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 100 mill. kr.

Sak 39/16 B Rapportering av risiko per 1. tertial 2016

Oppsummering:

Rapportering av risiko i Helse Vest IKT fylgjer vedtekne retningslinjer. Administrerande direktør informerte om at det vart lagt fram ein forenkla oversikt der tekst for alle delmål og risikoelement er inkludert. Administrerande direktør informerte om at risikobiletet såg greitt ut og meinte det ikkje var behov for djupare gjennomgang.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering av risiko for Helse Vest IKT per 1. tertial 2016 til etterretning.
2. Styret ber administrasjonen fylgje opp risikobiletet i Helse Vest IKT.

Sak 40/16 B Sluttrapport «Strategiar for sourcing»**Oppsummering:**

Administrerende direktør gjekk gjennom hovudelementa i sluttrapporten utarbeid saman med Ole Bryøen, Gartner Norge AS.

Sluttrapporten viser at dagens situasjon er at tenestenivået for Helse Vest IKT er i tråd med marknaden, tenestekvaliteten blir frå brukarane rapportert stort sett som «høg» eller «tilfredsstillande» og rapportering av tenesteproduksjonen er i tråd med beste praksis.

Helse Vest IKT sine samla kostnader for IKT både målt mot omsetning og målt som IKT-kost per tilsett er lågare enn gjennomsnittet i Gartner sitt referansegrunnlag. I tillegg er den delen av dei samla kostnadane som er knytt til *operative tenester* vesentleg lågare enn for referansegrunnlaget. Ut frå denne heilt overordna kostnadssamanlikna, kan det leggjast til grunn at det ikkje er sannsynleg at kostnadane for dei operative tenestene kan reduserast ved å setje dei ut til andre. Adm. dir. orienterte og om resultat frå drøftingsmøte med fagforeiningar og vernetenesta.

Styret meinte administrerende direktør hadde gitt ein balansert framstilling av saka og dei områda som er drøfta som kandidatar for endra «sourcing». Styret understreke og at administrasjonen må ta tak i alle tilrådingane som er tekne inn i rapporten. Adm. dir. understreka at dette vil bli gjort.

Samla sett er potensialet for reduserte kostnader *avgrensa*. Helse Vest IKT bør vurdere om endra tenesteleveransar utover redusert kost, kan gje auka fleksibilitet, betre tilgang til kapasitet/kompetanse, etc. Styret gav sin tilslutning til at fylgjande identifiserte områder vert vurdert vidare; Deler av seksjon *Administrative system*, deler av seksjon *Løysingsutvikling*, seksjon *Tilgangsbehandling*, Lokal «support» (deler av seksjon *Klientdrift*). Styret drøfta risikoane knytt til det å tenesteutsetje deler av verksemda.

Dette er dei «hypotesane» prosjektet har identifisert. Styret bad administrasjonen om å arbeide vidare med potensiale og konsekvensar for dei områda som er nemnt i rapporten. Det vart understreka at vurderingane ikkje berre handlar om reduserte kostnader. Dei *ulike* områda vil krevje *ulik* oppfylgning for å detaljere tenesteinnhald og kartlegge alternativ for «sourcing». Dette vil gi underlag for å kunne gjere vedtak om vidare arbeid med å planlegge anskaffing, vurdere metode for dette, gjennomføre konkurranse og deretter gjennomføre endring. Dette betyr at kvart tema vil verte fylgt opp ved eigne «prosjekt». Det er lite sannsynlig at *eventuelle* endringar av «sourcing» for eit eller fleire av områda kan realiserast før tidlegast i 2017.

Styret ba administrasjonen forhandle fram eit eige *endrings- og omstillingsdokumentet for Helse Vest IKT* som vil legge føringar for gjennomføring ved eventuell endra «sourcing». Eit endrings- og omstillingsdokument for Helse Vest IKT må ta utgangspunkt i tilsvarende dokument for helseføretaka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok sluttrapporten for prosjekt «Strategiar for «sourcing» til orientering og bad administrasjonen fylgje opp rapporten.
2. Styret bad administrasjonen fylgje opp den vidare handteringa av dei områda der det i sluttrapporten er tilrådd vidare vurdering av eventuell endring av «sourcing». Arbeidet må skje i nært samarbeid med dei tilsette.
3. Styret bad om å få saka tilbake.

Sak 41/16 O Status for verksemdsprosessar i Helse Vest IKT

Oppsummering:

Administrerande direktør informerte kort om saksunderlaget. Det viste på ein god måte status for arbeidet med verksemdprosessar (ITIL) i Helse Vest IKT.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 42/16 O Status «Tilgang på tvers»

Oppsummering:

Administrerande direktør informerte kort om at «*Tilgang på tvers*» i DIPS mellom helseføretaka vart etablert for legar og kreftkoordinatorar frå 25.05.2016. Dette har vore ei viktig sak der mange har bidrege til gjennomføringa.

Adm. dir. gav særleg ros til fagdirektørane for det arbeidet dei har gjort. Styret meinte Helse Vest IKT har vore ei nyttig drivkraft i dette arbeidet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 43/16 O Status «Optimalisering EPJ forvaltning»

Oppsummering:

Administrerende direktør informerte om at det gjennom arbeidet med «Tilgang på tvers» og arbeidet med «Pasienten sin tilgang til egen journal» (del av Alle møter) har nok ein gong fått erfaring for at det er behov for å styrke arbeidet med EPJ forvaltning ved vert betre regional samordning og standardisering.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

LUKKA SAKER

Sak 44/16 O Modernisering av infrastruktur for Helse Sør-øst RHF.

Oppsummering:

Teknologidirektør Thomas Bagley, Helse Sør-Øst RHF informerte om pågåande prosjekt knytt til modernisering av infrastruktur for Sykehuspartner HF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 45/16 O Eventuelt

Oppsummering:

Ingen saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Ref. Øyvind Sjøthun Røen / Erik M. Hansen
07.06.2016

Herlof Nilssen	Styreleiar
Olav Klausen	Nestleiar
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Jon Bolstad	Medlem
Eivind Gjemdal (sett)	Medlem
Mette Kamsvåg	Medlem
Bodil Lekve	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Lars-Erik Baugstø- Hartvigsen	Medlem
Ørjan Midttun	Medlem

SAK 048-16

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 048/16 O

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styre tek saka til orientering.

Fakta

Open del

- 1. Nasjonal avtale om talegjenkjenning**
* notat vedlagt
- 2. Kunngjøring av anskaffelse for Helseplattformen**
* notat vedlagt
- 3. Modernisering av IKT-infrastruktur for Helse Sør-øst RHF**
* notat vedlagt
- 4. Forprosjekt – Endra samarbeid med Hospitalet Betanien**
* notat vedlagt
- 5. Flytting av datahall i Stavanger til Green Mountain**
* notat vedlagt
- 6. Omfattande episodar med beredskap**
* notat vedlagt
- 7. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
* ingen relevante saker
- 8. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
* ingen relevante saker
- 9. Oversikt over høyringar**

Mottatt	Avsendar	Tema	Frist
10.07.2016	Justis- og beredskapsdepartementet	Forslag til EU-direktiv om sikkerhet i nettverk og informasjonssystemer	15.09.2016

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Nasjonal avtale om talegjenkjenning

ARKIVSAK:
STYRESAK: 048/16

STYREMØTE: 21.09.2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 1

.....

Gjeldande avtale om talegjenkjenning ble i utgangspunktet forhandla fram av AHUS med ein opsjon for alle RHF/HF. Avtalen vart deretter transportert til Nasjonal IKT og gjort gjeldande for alle RHF/HF. Det er berre Helse Midt-Norge RHF og Helse Vest RHF som har gjort regionale avrop på avtalen.

Nasjonal IKT fikk i styremøtet 04.12.2014 forhandlingsfullmakt saman med Helseforetakenes Innkjøpsservice AS (HINAS) til å forhandle fram ein «site-lisens-avtale» på både kjøp og framtidig lisensiering av talegjenkjenning med Max Manus.

Ny avtale vil erstatte alle tidligare relevante avtaler i spesialisthelsetenesta. Avtalen vil også gi tilgang til relevant programvare innan talegjenkjenning frå Max Manus, og gi fri bruk til alle yrkesgrupper. Avtalen vil gi økonomiske fordelar i forhold til kommande investeringar og forvaltning.

Forslag til avtale vart lagt fram til behandling i Nasjonal IKT sitt styremøte 22.04.2016. Utkast til avtale er deretter lagt fram for RHF AD-møtet i mai. Det er framleis ikkje semje mellom regionane om å inngå denne avtalen.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Helseplattformen – kunngjering av konkurranse

ARKIVSAK:
STYRESAK: 048/16

STYREMØTE: 21.09.2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

.....

Helse Midt-Norge RHF har over lengre tid arbeid med utskifting av dagens PAS og EPJ system. Helse Midt-Norge er åleine som kunde for begge system. Dei har i dag eit eldre PAS der Tieto leverer vedlikehald og vidareutvikling og DocuLive EPR der Cerner (etter oppkjøp av Siemens) leverer vedlikehald og vidareutvikling.

I juni 2016 fekk Helse Midt-Norge tildelt rolla som regionalt utprøvningsprosjekt for det anbefalte målbildet for En innbygger – en journal. Fylgjande er henta frå protokollen frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 22.06.2016;

«Sak 4 Oppfølging av «Én innbygger – én journal»

Føretaksmøtet viste til Direktoratet for e-helse si innstilling (januar 2016) om korleis målet om "Én innbygger – én journal" bør bli realisert. Føretaksmøtet viste og til Direktoratet for e-helse si vurdering av "Helseplattformen" i Midt-Noreg som eit startpunkt i den nasjonale utviklingsretninga mot å realisere målbildet i "Én innbygger – én journal" (juni 2016).

Programmet "Helseplattformen" i region Midt-Noreg er eit samarbeid mellom spesialisthelse-tenesta og kommunar i regionen. Det er ein felles ambisjon om å skaffe ei heilskapleg løysing for pasientjournal og pasientadministrasjon, i tråd med det nasjonale målbildet om "én innbygger – én journal". "Helseplattformen" representerer ei moglegheit for ei avgrensa geografisk utprøving av den nasjonale utviklingsretninga. Det inneber ei god anledning for tidleg å teste ut

samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta, inkludert avtalespesialistar, og den kommunale helse- og omsorgstenesta, inkludert fastlegane.

Føretaksmøtet har vedtatt at Helse Midt-Noreg RHF skal gjennomføra programmet "Helseplattformen" som eit regionalt utprøvningsprogram for det anbefalte nasjonale målbildet i «Én innbygger – én journal» og eit mogleg startpunkt for ei felles nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Den nasjonale rolla krev både nasjonal representasjon i programstyret for "Helseplattformen" og nasjonal deltaking og innflytelse i planlegging, gjennomføring og i faglege vurderingar av tema som kan ha betyding for den nasjonale utviklingsretninga.

Føretaksmøtet understreka at det er viktig at dei andre regionale helseføretaka bidreg til at "Helseplattformen" kan lykkast med oppdraget innanfor dei tidsrammene og den økonomien som er sette i prosjektet. Føretaksmøtet peika vidare på at programmet "Helseplattformen" bør finansierast, styrast og gjennomførast i samsvar med avtarar og fullmakter inngått mellom sjølvstendige verksemder i Midt-Noreg. "Helseplattformen" har bestemmande innverknad i styringa og avgjerdene myndigheit i anskaffinga.

Direktoratet for e-helse skal hausten 2016 greie ut innføringa av ei nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Arbeidet skal skje i tett samarbeid med kommunesektoren, spesialisthelsetenesta, andre nasjonale fagmyndigheiter og pasient- og brukarorganisasjonar. Det skal etablerast eit samarbeid mellom "Helseplattformen" og utgreiningsarbeidet i Direktoratet for e-helse om tema som kan ha betyding for den nasjonale utviklingsretninga. Nasjonal innflytelse i "Helseplattformen" kan gi meirkostnadar, men og gevinstar i form av tilgang til teknologisk og helsefagleg kompetanse frå resten av helsesektoren.

Det nasjonale utgreiingsarbeidet skal på sjølvstendig grunnlag vurdere behova for og kva for moglegheiter det er for å realisere ei eventuell felles nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste – i tråd med anbefalingane i utgreiing av «Én innbygger – én journal» og basert på erfaringar frå arbeidet med "Helseplattformen". Utgreiinga krev aktiv deltaking frå spesialisthelsetenesta, både i forhold til utvikling av den nasjonale løysinga for kommunane og for å sikre ein best mogleg samhandlingsløysing mellom den nasjonale løysinga for kommunane og dei regionale løysingane i spesialisthelsetenesta.»

I vedlegg til dette notatet er pressemeldinga som Helse Midt-Norge RHF har sendt ut etter at dei kunngjorde sin konkurranse om ny regional løysing for EPJ lagt til for orientering.

Pressemelding fra Helse Midt-Norge:

For English version, see below

Kunngjøring av konkurranse for ny elektronisk pasientjournal i Midt-Norge

Helse Midt-Norge RHF kunngjør i dag konkurransen om ny regional løsning for elektronisk pasientjournal i Midt-Norge i samarbeid med kommunene i regionen. Prosjektet Helseplattformen er etablert for å anskaffe en felles journalløsning for alle ledd i helsetjenesten, fra kommunal sektor og fastleger til spesialisthelsetjeneste, og har i dag åpnet for leverandører som vil prekvalifisere seg for konkurransen.

(Prekvalifisering innebærer at potensielle leverandører kan søke om å bli vurdert ut fra finansielle, organisatoriske og tekniske kvalifikasjoner for å delta i den videre konkurransen. Dette er i tråd med regelverket om offentlige anskaffelser.)

Hensikten med anskaffelsen er å erstatte dagens mange ulike og til dels utdaterte journalsystemer med én løsning for både fastleger, kommunehelsetjeneste og spesialisthelsetjeneste. Innbyggerne skal få enkel tilgang til egen journal, og større mulighet til å påvirke eget behandlingsforløp. For de ansatte i helse og omsorg innebærer dette bedre arbeidsredskap og en enklere hverdag. Løsningen skal gi bedre planlegging og bruk av ressurser på tvers av helsetjenesten.

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Helse Midt-Norge RHF gjennom prosjektet Helseplattformen i oppdrag å være et regionalt utprøvingsprogram for det anbefalte nasjonale målbilde i «Én innbygger – én journal» og et mulig startpunkt for en felles nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste, jf. <https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal>.

Anskaffelsens verdi er anslått til mellom 1,4 og 2,7 milliarder kroner eks.MVA.

Prosjektorganisasjonen Helseplattformen er godt i gang med å utarbeide krav til den nye journalløsningen. Alle faggrupper innen helse og omsorg, med medarbeidere fra sykehusene, fastleger og spesialister, og et stort antall kommuner i Midt-Norge bidrar i dette arbeidet. Trondheim kommune har vært tungt inne i prosjektet helt fra start.

Dokumentene kunngjøres i Doffin og TED:

<https://no.mercell.com> , <https://www.doffin.no> og <https://www.doffin.no/home/buyer/TED>

For utfyllende opplysninger og kommentarer (media), kontakt:

Programdirektør Torbjørge Vanvik, telefon 469 30 187

Kommunikasjonssjef Sigrun Berge Engen, telefon 986 28 811

Leverandører henvises til prosedyre for spørsmål beskrevet i kunngjøringsdokumentene.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Modernisering av IKT-infrastruktur for Helse Sør-øst RHF**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **048/16**

STYREMØTE: **21.09.2016**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

.....

Styret i Helse Sør-Øst vedtok i møte 08.09.2016 å slutte seg til at det inngås kontrakt med en ekstern partner om modernisering av IKT-infrastruktur. Dette skal gi bedret økonomisk bærekraft og en raskere modernisert IKT-infrastruktur enn gjennomføring i egen regi, samtidig som kvaliteten opprettholdes.

Med IKT-infrastruktur menes områder som PC-er, telefoni, nettverk og datasentre. Avtalen vil ikke omfatte sykehusnære løsninger som pasientjournalssystemer og røntgensystemer.

Samarbeid med en ekstern partner gir sykehusene og Sykehuspartner tilgang til erfaringer og kompetanse fra gjennomføring av tilsvarende og vellykkete moderniseringsprosjekter. For sykehusene betyr dette at moderniseringen kan gjennomføres raskere og med lavere risiko enn det som ligger i nåværende planer, samtidig som det gir en bedret økonomisk bærekraft for helseregionen.

Det er en absolutt forutsetning i en eventuell avtale at alle krav til informasjonssikkerhet og personvern i lov og forskrift er ivarettatt. Alle datasentre skal stå i Norge, inkludert all lagring av pasientdata. I tråd med styrets vedtak skal forhold i kontrakten knyttet til finansiell leie nå legges fram for Helse- og omsorgsdepartementet og behandles i foretaksmøte.

Presentasjonen som ble gitt til styret i Helse Sør-øst RHF ved behandlingen av saken i møtet 08.09.2016 er lagt ved i vedlegg 3b. Styresaken med vedlegg er lagt ut på www.helse-sorost.no

IKT-infrastrukturmodernisering i Helse Sør-Øst Styresak 069-2016

8. september 2016
Cathrine M. Lofthus




IKT-infrastruktur - dagens situasjon


Helse Sør-Øst har en aldrende og komplisert IKT-infrastruktur som gir økt risiko for hendelser som kan gå ut over pasientsikkerheten

Infrastrukturen gir begrensede muligheter for samhandling og digitalisering

En vesentlig utfordring er ressursinnsatsen som kreves for å levere forutsigbar og tilfredsstillende kvalitet, samt kostnadene ved oppdateringer og endringer



Fra aldrende og komplisert



Til standardiserte løsninger



Tilrettelegger for digitale løsninger i pasientbehandlingen

IKT-infrastrukturmodernisering - grundig vurdering av to alternativer

Infrastruktur- modernisering



```
graph LR; A[Infrastrukturmodernisering] --> B[Videre gjennomføring i egen regi]; A --> C[Eksternt partnerskap];
```


Videre gjennomføring i egen regi

- Videreføring av dagens planverk
- Sykehuspartners ressurser og innleie av eksterne ved behov
- Modernisering og drift i egen regi
- Trinnvis forbedring av dagens driftsmodell

Eksternt partnerskap

- Modernisering og drift foregår i regi av ekstern partner
- Utnytter industrialisering og automatisering
- Bygger på standardiserte teknologier
- Tilgang til kompetanse og kapasitet på gjennomføring av liknende moderniseringsprosjekter

Sykehuspartner fortsatt helhetlig tjenesteleverandør til helseforetakene



☐ Leveres av Sykehuspartner ☒ Deler er tjenesteutsatt i dag ☐ Leveres av ekstern partner

Strengt krav til oppbevaring og behandling av pasientdata

Håndtering av personsensitive data reguleres av en rekke lover og forskrifter

Norge:

- Helseregisterloven §§ 21, 22
- Personopplysningsloven § 13
- Personopplysningsforskriften, kapittel 2
- Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste
- Pasient- og brukerrettighetsloven
- Pasientjournalloven
- Normen for informasjonssikkerhet

EU:

- EU-direktivet 95/46/EC definerer et tilstrekkelig sikkerhetsnivå



Krav til ekstern partner

- Datasentrene skal stå i Norge
- Det er et absolutt krav å ivareta lov- og forskriftskrav til personvern og informasjonssikkerhet
- Personell som driver infrastruktur skal ikke ha tilgang til personsensitiv informasjon – egne sikkerhetsmekanismer for dette
- Det må gjennomføres risiko- og sårbarhetsanalyse som dokumenterer at kravene til behandling av personsensitiv informasjon er tilfredsstillende. Det er helseforetakenes og Helse Sør-Øst RHF's ensidige rettighet å godkjenne slik analyse

Ekstern partner vil ikke ha tilgang til pasientdata

Grundig vurdering av ekstern partner og gevinstrealisering

Raskere modernisering

- IKT-infrastrukturmodernisering gjennom ekstern partner er ferdigstilt flere år tidligere enn ved gjennomføring i egen regi
- Raskere gjennomføring av modernisering bidrar til tidligere uthenting av teknologiske og økonomiske gevinster


Bedret økonomisk bærekraft

- Eksternt partnerskap er betydelig billigere enn gjennomføring i egen regi
 - Raskere modernisering
 - Lavere driftskostnad etter gjennomført modernisering
- **Kontantstrømanalysen synliggjør følgende gevinster:**
 - 7 år: 1,9 milliarder kroner
 - 10 år: 3,7 milliarder kroner

Høy kvalitet

- Den tekniske løsningen presentert av leverandørene er av høy kvalitet og basert på internasjonal beste praksis
- Ekstern partners erfaring og bruk av industrialiserte, utprøvde prosesser sikrer høy kvalitet i gjennomføring av modernisering og videre drift

Konsekvenser for økonomisk langtidsplan 2017-2020



- Gjennomføring med eksternt partner svekker foretaksgruppens likviditets- og resultatutvikling frem mot 2019, mens det er en positiv utvikling fra og med 2020
- Total svekkelse av regnskapsmessig resultat i perioden er estimert til å være ca. 550 millioner kroner
- Foretaksgruppens tilgjengelige likviditetsbeholdning ligger over sikkerhetsgrensen på 1 milliard kroner
- Foretaksgruppen har økonomisk handlingsrom for å planlegge for de investeringsprosjektene som er prioritert i ØLP 2017-2020.

Risikovurdering utført av interne og eksterne ressurser

Identifiserte risikoområder

- Økte kostnader fordi modernisert IKT-infrastruktur ikke blir tatt i bruk i planlagt omfang (applikasjonsmigrering)
- Forsinkelse i etablering av modernisert infrastruktur gir økte kostnader og forsinket gevinstuttak
- Forsinkelser og økte kostnader som følge av svak kontrakts- og leverandørstyring



Risikoreduserende tiltak

- Operasjonalisering av regional styring og sterkere konsernstyring
- Program- og prosjektstyring for moderniseringen i Sykehuspartner, inkludert oppfølging fra Helse Sør-Øst RHF
- Eget kontrakts- og leverandørteam i Sykehuspartner for denne avtalen
- Bygge videre på kompetansen som nøkkelressurser i Sykehuspartner har opparbeidet gjennom anskaffelsesprosessen og gjennomførte moderniseringsprosjekter

Lik eller noe lavere risiko knyttet til eksternt partnerskap versus egen regi

Moderne og felles IKT-løsninger skal støtte sykehusenes behov

Modernisering av en aldrende og sammensatt infrastruktur i Helse Sør-Øst er en forutsetning for teknologiutvikling i sykehusene for å forbedre pasientttjenester

Leveranse av IKT-infrastruktur drives i økende grad av profesjonelle leverandører som kan tilby industrialiserte og automatiserte løsninger - uavhengig av sektor

Sykehuspartner skal understøtte helseforetakenes behov for utvikling og bruk av sykehusnære løsninger, samt legge til rette for forutsigbare tjenestepriser til helseforetakene

I samarbeid med en ekstern partner kan Sykehuspartner levere en modernisert IKT-infrastruktur raskere, mer effektivt, kostnadseffektivt, med høy kvalitet og til lavere risiko

Berørte ansatte ivaretas gjennom spesifikke krav til overføringen utover minstebestemmelser i Arbeidsmiljøloven

Det anbefales derfor at Helse Sør-Øst inngår avtale med en ekstern partner innen modernisering og drift av IKT-infrastruktur

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Forprosjekt – Endra samarbeid med Hospitalet Betanien

ARKIVSAK:
STYRESAK: 048/16

STYREMØTE: 21.09.2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

.....

Viser til punkt 3 under adm. dir. sine orienteringar i styremøtet 27.04.2016 (sak 020/16). Det vart då orientert om dialog med Hospitalet Betanien i Bergen vedrørende endring av samarbeidet etter same modell som er gjennomført med Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS).

Helse Vest IKT har oversendt til Hospitalet Betanien, i forståing med leiinga ved Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS), underlagsdokument frå den prosessen.

Hospitalet Betanien inviterte Helse Vest IKT til møte i slutten av august. I dette møtet vart det semje om å gjennomføre eit tilsvarande forprosjekt som for Haraldsplass, for å kartlegge i større detalj om det er grunnlag for å gjennomføre tilsvarande endring i samarbeidet mellom partane. Det er felles målsetning at eit slikt forprosjekt kan initierast i oktober 2016.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Flytting av datahall i Stavanger til Green Mountain

ARKIVSAK:
STYRESAK: 048/16

STYREMØTE: 21.09.2016

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

.....

Viser til sak 050/15 handsama i styremøtet 16.09.2015 der administrasjonen fekk fullmakt til å inngå avtale om leige av datahall i Stavanger.

Helse Vest IKT inngjekk i desember 2015 avtale med Green Mountain om 2 areal i fjellanlegget på Rennesøy for våre 2 datahaller i Stavanger. Planen var å gjennomføre flytting i 2. kvartal 2016, slik at datahallane var operative frå 3. kvartal.

Linjene mellom Helse Stavanger og Rennesøy er levert av Norsk Helsenett SF. Det har vore store forseinkingar i leveransane frå Norsk Helsenett. Linjene vart fyrst operative i august 2016. Linjeleveransane og kostnadar knytt til denne forseinkinga vil vert fylgt opp med Norsk Helsenett.

Det er gjennomført ROS av flytting til Rennesøy. Risikoelement frå ROS er fylgt opp. Fyrste steg av flyttinga er gjennomført i veke 37. Styret vil få ei kort orientering om status og om vidare planar.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Omfattande episodar med beredskap**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **048/16**

STYREMØTE: **21.09.2016**

Administrerende direktør si orientering pkt. 6

.....

Helse Vest IKT har sidan sist gong styrepapir vart sendt ut, hatt fylgjande episode der beredskap er utløyst;

Dato, tid	Tema
09.06.2016 08:00 – 13.06.2016 16.00	Store responstidsproblem med DIPS. Sjå eiga styresak 056/16.
29.08.2016 12:26 – 14.05	Feilen i Telenor sitt mobilnett som førte til at om lag ein tredjedel av mobilsamtalene feila ved anrop. Feilen oppstod rundt 11:15 måndag 29.08. Helse Vest IKT informerte helseføretaka om feilen og la ut oppdaterte driftsmeldingar. Feilen vart rette 14:06.
03.09.2016 16:23 – 19:30	(Beredskap vart ikkje utløyst pga. rask tilgang til rett personell.) Feil på det vatnbaserte kjølesystemet for datahall i IKT-bygget i Bergen. Helse Vest IKT og Helse Bergen samarbeide tett om å redusere konsekvensar av auka temperatur, og utbetring av feil. System for Akuttmottak (Akuttdatabase og MOBA) var ute av drift fordi desse systema hadde serverane plassert i same datahall. I tillegg oppsto det store problem for brukarane av AMIS pga. mange feilmeldingar frå integrasjonen med Akuttdatasen.

SAK 049-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Fredrik Eldøy, Rolf Ruland, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda per august 2016**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 049/16 B

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek rapport frå verksemda for august 2016 til etterretning.*
- 2. Styret godkjenner forslag om å tilbakeføre 12, 0 mill. kr. til helseføretaka i september.*

Oppsummering

Administrasjonen har oppsummert rapport om verksemda i ein figur som viser overordna status for produksjon, bidrag til bruk av IKT (status program og prosjekt) og ressurssituasjonen.

Fakta

Figuren nedanfor viser målekortet for august 2016. Under figuren er dei gjeldande grenseverdier for måltala.

Helse Vest IKT, Målestyringstabell, august 2016										
Produksjon					Bidrag til bruk av IKT					
Servicegrad telefon 55976540	Saker løyst på timen	Episodar	Leveransar	Oppetid	Program-/prosjektstatus*					Nye Integrasjoner
Mål 80% innan 1 min	Mål 70%	Antal opne 756	Antal opne 2836	43 app. Grupper	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Mål 4
88 %			Brotne 14% (392)	38(41)	22 (25)	32(33)	32(34)	22(27)	28 (31)	34
	67 %	Brotne 37% (279)		5(2)	13 (13)	3(6)	6 (5)	15 (10)	7 (7)	
				0(0)	2(1)	2 (0)	0(0)	0 (2)	2 (1)	1 ↓
Grenseverdier:					*Oppdatert august, 37 program/prosjekt					** Mål 2016: 40 levert til A-test
=>80%	=>70%	<=25%	<=25%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	>=4
70% - 80%	60% - 70%	25% - 50%	25% - 50%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	2 - 3
<=70%	<=60%	>=50%	>=50%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	<2
										< NOK 1 mill
										<=4,5
										5% - 9%
										> 4% < 5%
										> 9% < 10%
										0% <= 4%
										=> 10%

Kommentar

Viser til "Rapport om verksemda per august 2016" som er lagt ved i vedlegg 1.

Rapporten om verksemda fylgjer den mal som vart etablert ved rapportering per januar 2016.

Konklusjon

Administrasjonen er av det syn at utviklinga innanfor produksjon er tilfredsstillande. Det er auke i avvik innanfor program og prosjekt. Utviklinga innanfor økonomi viser aukande positivt avvik ifht. budsjett. *Det gjer at administrasjonen rår til at 12,0 mill. kr. vert tilbakeført til helseføretaka i september 2016.* Utviklinga i sjukefråvær er stigande og utviklinga for «turn over» held fram på eit lavt nivå.

**Verksemdsrapport
for
Helse Vest IKT AS
per
august 2016**

Versjon: 1.0

Dato: 12.09.2016

Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

Helse Vest IKT, Målestyringsstabell, august 2016													
Produksjon					Bidrag til bruk av IKT						Ressursar		
Servicegrad telefon 55976540	Saker løyst på timen	Episodar	Leveransar	Oppetid	Program-/prosjektstatus*					Nye Integrasjoner		Økonomi	"Turn over" siste 12 mndr.
Mål 80% innan 1 min	Mål 70%	Antal opne 756	Antal opne 2836	43 app. Grupper	Tid	Kost	Kvalitet	Risiko	Personell	Mål 4	Akkumulert **	Avvik i forhold til budsjett	Mål 4,5%
88 %			Brotne 14% (392)	38(41)	22 (25)	32(33)	32(34)	22(27)	28 (31)		34		
	67 %	Brotne 37% (279)		5(2)	13 (13)	3(6)	6 (5)	15 (10)	7 (7)				5,0 %
				0(0)	2(1)	2 (0)	0(0)	0 (2)	2 (1)	1 ↓		pluss15,7	3,9 %
Grenseverdier:					*Oppdatert august, 37 program/prosjekt					** Mål 2016: 40 levert til A-test			
=>80%	=>70%	<=25%	<=25%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	=>4		< NOK 1 mill	<=4,5
70% - 80%	60% - 70%	25% - 50%	25% - 50%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	2 - 3		NOK 1 til 3 mil	4,6 - 6,9
<=70%	<=60%	>=50%	>=50%	ant	ant	ant	ant	ant	ant	<2		> NOK 3 mill	=>7

Adm. dir. sin vurdering

Servicegraden for august vart 88 %. Saker løyst på time er no over 60%. Dette er ei positiv utvikling.

Talet opne episodar har vist ein positiv utvikling frå medio 1. halvår, og sommaren med endringsfrys har gitt gode resultat. Talet open episodar ved utgangen av august var 756. Brotprosentane for både episodar (37 %) og særleg leveransar (14 %) er på akseptable nivå.

Ingen tenestegrupper hadde nedetid i rød sone.

Det overordna biletet for program og prosjekt viser ein auke av raud og gul status. Det vert arbeid systematisk med handtering av risiko knytt til Program HELIKS. Helse Vest IKT har hatt tett dialog med Baxter knytt til Kule-prosjektet og SECTRA knytt til DMA og RIS/(PACS). Porteføljestyret er samde om å endre samansetjinga av programstyret for HELIKS slik at AD-ane no går inn i programstyret.

Det vart i august berre levert ein integrasjon, men det er ikkje gjort endring i måлтаlet for året.


Økonomien syner eit driftsresultat langt over budsjett. Det gode resultatet skuldast i hovudsak levering av langt fleire prosjekttimar enn budsjettet. Mykje av dette er knytt til ressursar frå drift og forvaltning, og som helseføretaka har betalt for gjennom ordinær forvaltningskostnad. Denne «ubalansen» vert foreslått løyst ved å tilbakeføre til helseføretaka 12,0 mill. kr. i september.

Sjukefraværet har auka i sommar, dette gjeld spesielt legemeldt langtidsfravær. "Turn over" er framleis på lavt nivå.

Produksjon

Rapporten viser tenestekvalitet knytt til produksjonen i løpet av siste måned.

1.1 Førespurnader til Helse Vest IKT



Definisjoner:

Epost support: Teller all e-post til Kundesenteret med unntak av spam-mail.

Epost bestilling: Teller all e-post med unntak av spam-mail som kommer inn til ikt-bestillingsadressene til Sal.

Kundeweb: Mengd oppdateringar på eksisterande saker eller nye saker


Telefon: Mengd telefoner svarta på av Kundesenteret

NB! Dette er mengd meldingar pr. e-post til bestillingsboksane og må ikkje forvekslast med mengd bestillingar. Det ligger også ein feilmargin her, ettersom noko e-post blir sletta undervegs og noko blir lagt i våre personlige boksar. Med andre ord, tall som bare gir ein peikepinn.

Kommentar til utviklinga:

- Som forventa ein auke i henvendelsar etter somaren. Mange henvendelser handlar om utgåtte og gløymte passord etter ferien. Samlepunktet tar unna mykje gjennom automatiserte sjølvbetjeningsløyningar, men ikke alt.

1.1.1 Detaljert telefonstatistikk



Definisjonar:

Antal telefonar: Alle telefoner via 55976540 uavhengig av om svarta på eller ikkje; dvs all innkomande trafikk. Teller også telefonane utanom avtalt opningstid.

Besvarte telefonar: Viser tal på telefonar som er svarta på.


Tapte telefonar: Viser tal på telefonar som er lagt på utan å få svar. (innanfor avtalt opningstid)

Telefonar Svart på etter 1 min: Viser mengd som ventar over 1 minutt og får svar.

Kommentar til utviklinga:

- Som forventet ein auke etter endt sommer. Mange saker om utgåtte og gløymte passord. Dette er ofte saker som vert løyst raskt, og som gir ein god svarprosent og kort ventetid på telefon.

1.1.2 Servicegrad – % mengd svart innan SLA-krav



Definisjonar:

Telefon: Krav i SLA2016 – 80% av samtalene skal svarast på innan 1 minutt.


E-post: Ikkje mogeleg å måle. Kundesenteret nyttar vanleg Outlook og for å telje e-post som er motteke.

Dei telefonane som blir lagt på før 1 minutt er ikkje med i berekninga av servicegraden, berre de som blir lagt på etter 1 minutt.

Kommentar til utviklinga:

- Mange av sakene har vore raske å løyse, som passord, manglande program, etc. Det gir god servicegrad og kort ventetid på telefon.

1.1.3 Gjennomsnittleg svartid på telefon



Definisjonar:

Grafen viser gjennomsnittleg svartid, i minutt, på telefonar inn til Kundesenteret.


1.2 Behandling av sakene.

Grunna prosessendring i Helse Vest IKT vil ein førespurnad frå kunde nå registrerast enten som ein episode eller som ein leveranse.

1.2.1 Episodar

Definisjon av episode: Stans eller forseinking i arbeidsprosessar hjå kunde, der stansen eller forseinkinga er relatert til tenester levert av Helse Vest IKT, uavhengig av om den underliggjande årsak er avvik på tenestene.

1.2.1.1 Mengd episodar logga:




Definisjonar:

Viser mengd episodar logga, fordelt etter loggedato siste 13 månader

Kommentar til utviklinga:

- DIPS (1800), passord (700) og påloggingsproblemer (600) stod for mesteparten av dei manuelt registrerte episodane i august.

1.2.1.2 Mengd opne episodar, utvikling over tid



Definisjonar:

Viser mengd episodar som er open måndag morgon siste 53 veker.


Kommentar til utviklinga:

- Den store auke i juni er knytt til problem med DIPS 08.06.2016, jfr. eiga sak. Ein forventa auke i talet opne episodar etter ferien. Klarer likevel å halde den litt lavere enn på samme tid i 2015.

1.2.1.3 Løyst på timen:

Definisjonar:


Viser mengd episodar logga, fordelt etter loggedato siste 13 månader, som er løyst innan en time. Helse Vest IKT har et internt mål om at 70 % av alle førespurnader blir løyst på timen.



Kommentar til utviklinga:

- Mange saker om passord og pålogging. Dette er med på å halde ein god «løyst på timen» prosent.

1.2.1.4 Total mengd lukka episodar, fordelt etter prioritet førre måned:



Definisjonar:

Grafen viser totalt mengd lukka saker siste måned splitta pr. prioritet 1-9, og innanfor og utanfor SLA (dvs. raud = brot, grøn = ok).

Kommentar til utviklinga:

- Ein stor del av pri 1 og pri 2 sakene er som vanleg passord.


1.2.2 Leveransar

Definisjon av Leveranse (Service Request): Ein førespurnad frå bruker om informasjon, rådgjeving, levering av ein standard leveranse eller tilgang til system. Ein leveranse er normalt ikkje relatert til en prosesstopp for kunde.

Det er ein betydelig mengd leveransar som blir handsama i samlepunktet, disse kjem ikkje med i rapporten da det er assyst som dannar grunnlaget for rapporten.

Definisjon av Standard leveranse: Leveranse definert i SLA

1.2.2.1 Mengd leveransar logga




Definisjonar:

Viser mengd leveransar logga fordelt etter loggedato siste 13 månader

Kommentar til utviklinga:

- Brukerveiledning/opplæring (1000), Dips (650) og Leveranse av nytt IKT utstyr (600) stod for topp 3 leveransehenvendelser til HVIKT i august.


1.2.2.2 Mengd opne leveransar, utvikling over tid



Definisjonar:

Viser mengd opne leveransar måndag morgon siste 53 veker

1.2.2.3 Total mengd lukka leveranse saker, fordelt etter prioritet førre måned:



Definisjonar:

Grafen viser totalt mengd lukka saker siste måned splitta pr. prioritet 1-9, og innanfor og utanfor SLA (dvs raud = brot, grøn = ok).

Kommentar til utviklinga:

- Pri 2 er hasteleveransar, Pri 3 og 7 nyttast normalt ikkje for leveransar.

1.3 Sikkerheitsavvik

Rapportering av sikkerheitsavvika Synergi starta frå og med september 2012. *Frå og med no vil ei meir overordna og tekstlig oversikt over sikkerheitsavvika bli presentert.*

Det ble i **august 2016** rapportert 57 mulige sikkerhetsavvik i Helse Vest IKT sitt sakshåndteringssystem. 52 av disse var reelle sikkerhetsavvik, og 5 av disse ble rapportert i avvikssystemet Synergi for håndtering, læring og årsaksanalyse enten i HVIKT AS og/eller hos kunde/berørt virksomhet.

Hendelsene var:

- Internt sikkerhetsscanning påviser sårbar programvare på server (30 tilfeller).
- Tilgangsstyring har blitt satt opp feil ved recovery fra backup på filområde, dermed har flere enn ønsket i en periode hatt lesetilgang til filområdet. Det er ikke pasient- eller personopplysninger i mappene. Området ble sikret og det ble ryddet opp i rettighetene.
- Leges private epostkonto har blitt hacket og har sendt ut "vennligst hjelp meg med penger i utlandet"-epost til en del kollegaer. Vi sendt advarselmail til de som hadde mottatt eposten, sperret den falske adressen for mulig kommunikasjon med eposter fra Helse Vest-domener samt rådet bruker til å endre passord på privat epost.
- PC ble gjenglemt på flyplass. Bruker ringte inn, PC deaktivert. Pcen er også kryptert.
- Sårbar server patchet etter varsel fra HelseCERT (2 tilfeller).
- Det er per august 2016 levert om lag 91 500 timer til porteføljeprojekt og arbeidsoppdrag frå HF-a, noko som er 18 500 over budsjett. Vi vil i budsjett 2017 legge opp til at tal på timer levert vil auke. Det kan også kome auka behov for leveranse til portefølje i regi av Nasjonal IKT.

Prognose for 2016 viser ei bemanning ved utgangen av året på 478 årsverk (budsjettet 461 + 13 EPJ Fagsenter), ei auke på 9,3% (auke i 2015 11%), og i 2017 legg vi opp til å auke med 28 til total 506 årsverk i utgangen av 2017, ei auke på 5,9%:

Bemanning (årsverk) prognose 2016 og budsjett 2017					
Avdeling	Budsjett jan 2016	Faktisk aug 2016	Prognose des 2016	Budsjett 2016	Budsjett des 2017
IKT Fagsenter	91	93	95	94	99
Tjenesteproduksjon	141	144	151	151	157
EPJ Fagsenter *)	-	-	13	-	13
Tjenesteutvikling	63	60	66	68	68
Innovasjon og arkitektur	25	28	29	26	34
Virksomhetsutvikling	92	102	113	109	124
Økonomi og HR og prosess	10	11	11	11	11
AD	1	1	1	1	1
Sum	424	439	478	461	506

*) årsverk EPJ Fagsenter er oppgaver og personer planlagt overført frå HF'a hausten 2016, interne overføringer frå andre avdelingar i Helse Vest IKT til EPJ Fagsenter er ikkje tatt med. Det kan kome endringar i budsjett 2017 som følgje av auka behov til forvaltning av løysningane KULE og DMA. Overførte årsverk frå HF'a dekker bare oppgaver knytt til DIPS.

Portefølje – driftskostnader

Totalramma for porteføljen i 2017 - 2021 vart lagt i Porteføljestyret 2. mai, driftsdelen vart for 2017 satt til 90 mill, ei auke på 20 mill frå 2016. Ny handsaming i Porteføljestyret 7. november.

Timepris

Timepris vil bli justert med ordinær løn- og prisvekst.

Datahaller Green Mountain og Barne- og ungdomssenter Bergen

I forbindelse med etablering og drift av nye datahaller er det investert i infrastruktur og etablert nye linjer som gir en økt driftskostnad i 2017 med om lag 3 MNOK.

Pensjonskostnad

Siste NRS-rekneskap frå KLP viser ein pensjonskostnad på 45,4 mill for 2017 (43,0 mill for 2016), noko som er ei auke på 2,4 mill frå budsjett 2016.

Fordeling mellom HF

Vi har i 2015/2016 fått eit nytt føretak; Helse Vest Innkjøp, og dei skal i løpet av 2017 få IKT-tenester frå Helse Nord IKT. Dei er derfor ikkje med i fordelingsnøkkel mellom HF i Helse Vest, men fakturerast ein fast pris som går til frådrag på desktoppris til helseføretaka.

I tillegg er det gjort endringar i inntektsfordelinga mellom helseføretaka i 2016, noko som også endrar grunnlag for fordelingsnøklar i Helse Vest IKT for 2017. Fordelingsnøkklane i IKT vert ikkje oppdatert kvart år, da endringane er små, og risiko for feil i budsjettverktøy er stor. Det inneber at endringane er noko større enn dei ville vært om vi endra kvart år. Nye nøklar vil nyttast på alle nye tenester (t.d. EPJ-Fagsenter), alle pågåande og nye prosjekt i porteføljen, alle applikasjonstenester som nytter generell eller EPJ-nøkkel. Nøkklane er laga med utgangspunkt i inntektsramme 2016, eksklusive midlar til sysselsettingstiltak.

Føretak	Inntektsramme 2016	%-fordelt alle	%-fordelt HF	EPJ nøkkel 2016	EPJ nøkkel 2017	Sjukehus nøkkel 2016	Sjukehus nøkkel 2017	Generell nøkkel 2016	Generell nøkkel 2017
Helse Stavanger	6 165 305	26,0 %	28,1 %	25,2 %	26,0 %	27,0 %	28,1 %	26,1 %	26,6 %
Helse Fonna	3 239 059	13,7 %	14,8 %	14,0 %	13,7 %	15,0 %	14,8 %	14,4 %	14,0 %
Helse Bergen	9 873 977	41,7 %	45,0 %	41,9 %	41,7 %	45,0 %	45,0 %	42,1 %	42,7 %
Helse Førde	2 663 163	11,2 %	12,1 %	12,1 %	11,2 %	13,0 %	12,1 %	12,2 %	11,5 %
Sjukehusapoteka Vest								4,5 %	4,5 %
Helse Vest RHF								0,7 %	0,7 %
Private/ideelle	1 747 060	7,4 %		6,8 %	7,3 %				
Sum	23 688 564	100,0 %	100,0 %	100,0 %	99,9 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

Kompensasjonsordning meirverdiavgift

Vi vil i 2017 få ei ordning for kompensasjon av meirverdiavgift. Foreløpig ser det ut til at det bare vil gjelde driftskostnader, med unntak av leasing. Investeringar vil ikkje bli omfatta av ordninga. Det er ikkje gjort berekningar på effekt for budsjett 2017 enda, men tal for 2014 og 2015 viser om lag 60 mill. kr. i meirverdiavgift.

Konklusjon

Utkast til bemanning for 2017 tek utgangspunkt i langtidsbudsjettet for perioden 2017 – 2021, og i plan for portefølje for 2017 – 2021, og det foreslås at bemanninga aukar med 28 årsverk, 5,9% (i 2016 9,3% (inkl EPJ Fagsenter) og i 2015 11%) i forhold til prognose for 2016. Årsaka til veksten er i første rekke ambisjonar om å erstatte fleire eksterne konsulentar med interne, auka behov til drift og forvaltning av nye system, samt auka behov som følgje av auka aktivitet i porteføljen.

Utkast til porteføljebudsjett viser ei auke frå 70 mill til 90 mill på drift.

Plan og arbeid med kostnadskutt og innsparing frå forretningsplan vert vidareført i 2017.

SAK 051-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS
DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland
SAKA GJELD: Status internkontroll

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 051/16 B

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til etterretning.

Oppsummering

Viser til møteplan for styret for 2016 kor temaet internkontroll er sett på dagsorden til møtet 21.09.2016. Omgrepet internkontroll vert, som tidlegare, nytta i relativt vid forstand.

Fakta

Det er i saka peika på rutineane for å sikre god internkontroll og status innanfor dei ulike hovudområda for internkontroll. Administrasjonen er av det syn at rutineane for internkontroll og status i Helse Vest IKT er tilfredsstillande for å sikra drift og omdømme av Helse Vest IKT. Administrasjonen vil arbeide vidare med følgjande tiltak:

<i>Tiltak</i>	<i>Tid</i>
Innkjøp – avklaring og rollefordeling til regionalt innkjøpsselskap, Helse Vest Innkjøp HF	Q4 2016
Innkjøp – avklaring/tilpassing til nytt nasjonalt innkjøpsselskap, Sykehusinnkjøp HF	2016/17
HMS – medarbeidertilfredsheitsundersøking	Q4 2016
HMS – følgje opp medarbeidarkartlegging, vurdere område for internrevisjon	Q1 2017
Postjournal – epost til ePhorte	2016/17
Miljøsertifisering – revisjon med Teknologisk institutt	Nov 2016
Utarbeide årleg plan for internrevisjon 2017	Q4 2016

Bakgrunn

Målet med styresaka er å beskrive status og om vi har god nok kontroll på rutinar og oppfølging av prosesser for å sikre internkontrollen i Helse Vest IKT i høve krava i Internkontrollforskrifta. Internkontrollrutineane skal bidra til å sikre drifta og omdømmet av Helse Vest IKT.

Definisjoner

- *Internkontrollforskrift* = Forskrift om systematisk helse-, miljø og sikkerheitsarbeid i verksemder
- *Internkontroll* = Gjennomføre risikoanalyse og oppfølging
- *ROS* = Risiko og Sårbarhetsanalyse
- *KOFA* = Klagenemda for offentlige anskaffelser

Dokumenter/referansar

- Internkontrollforskriften. <http://www.lovdata.no/for/sf/ad/xd-19961206-1127.html>

Viktige element i Internkontrollforskriften

- 1) Daglig leiar er ansvarlig for internkontroll
- 2) Internkontroll skal integrerast i overordna styring og planlegging av verksemda
- 3) Arbeidstakar sin medverknad
- 4) Dokumentering av arbeidet (§5)
- 5) Tilsynsmyndigheter (§7)

Internkontrollforskrifta omhandlar området HMS og tilhøyrande aktiviteter, men metodikken kan, via gjennomføring av risikoanalyser, tiltak og oppfølging, også ivareta strategiske aktiviteter som sikrar drifta av verksemda. HMS er berre eit av dei områda Helse Vest IKT har valt ut som internkontrollaktiviteter.

Drøfting

Helse Vest IKT har definert følgjande 7 tema for internkontroll:

1. Økonomi og rekneskap

- Det blir laga månadleg rekneskap og økonomistatus, som og blir rapportert til styret.
- Revisjonsfirmaet Ernst & Young utarbeider årlig IT-revisjon (ROS) knytt til bruken av IKT for talgrunnlaget som inngår i rekneskap og økonomistyring. Dei skriv og ei oppsummering av årsrevisjonen til Helse Vest RHF.

Kommentar:

Revisor hadde ingen kommentarar eller innspel etter årsrevisjonen 2015.

Det vart av Helse Vest IKT og LRS avdekket feil i mva-behandling på sal av utstyr til HF'a i avstemmingsarbeidet knytt til årsrekneskap, og Helse Vest RHF og revisor vart orientert før avslutning av rekneskap 2015.

Konklusjon: Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til rekneskap og økonomistyring.

2. Innkjøp

- Helse Vest IKT har ein fullmaktstruktur med beløpsgrenser som er innarbeid i system for bestilling og fakturabehandling.
- Helse Vest IKT har ei innkjøpshandbok basert på eksisterande lover og forskrifter om offentlege kjøp, utarbeidet i samarbeid med First Ventura i 2010. Alle kjøpsprosesser følgjer definerte prinsipp og retningslinjer i handboken. Det føreligg ingen regional innkjøpshandbok, men regionale prosesser er definert gjennom Libra-prosjektet.
- Nasjonale rammeavtaler og minikonkurransar via HINAS vert nytta der det føreligg, vidare vert det gjort eigne separate innkjøpsavtaler, til dømes overfor Microsoft og DIPS.
- ePhorte vert nytta for å arkivere dokumentasjon, medan Contiki vert nytta for lagring av sjølv avtaledokumenta.
- Visma eHandel vert nytta for innkjøp.
- ROS på sjølv innkjøpsprosessane blir gjort sporadisk i større prosjekt.
- Ingen saker i KOFA siste 2 år.
- Helse Vest IKT har i tråd med regional prosess vedteke innkjøpspolicy og sikra oppdatert fullmaktstruktur.

Kommentar:

Innkjøp er eit fokusområde i regionalt prosjekt «LIBRA», kor alle økonomi, innkjøp og logistikksystem skal skiftast.

Overgang til regionalt innkjøpsselskap har vore utfordrande, og avtaler om roller og fullmakter rundt avtaleforvaltning og leverandøroppfølging er framleis ikkje på plass.

Utfordringar:

Prosess for anbod og tilbodsevaluering er manuell, og det vert sakna god systemstøtte.

Overgang til nasjonalt innkjøpsselskap kan bli utfordrande i høve til avtaleforvaltning og leverandøroppfølging.

Konklusjon:

Helse Vest IKT har fortsatt utfordringar på internkontroll knytt til innkjøp, og deltaking i pågåande regionale aktivitetar sikrar god utvikling.

3. Personalområdet

- Det er etablert personalhandbok som beskriver samhandling med alle våre tilsette.
- Vi har etablerte rutinar for melding om fråvær og handsaming av sjukefråvær/IA-oppfølging, og nyttar IA-modul i Gat.
- Det er i Helse Vest regi innført felles rutine og programstøtte for å sikre god kvalitet i rekrutteringsarbeidet. Administrerende direktør godkjenner alle tilsettingar.
- Personalmapper ligger i ePhorte.
- Leiargruppa har fått presentert kompetanseportalen. Ein vil i løpet av hausten sjå korleis ein kan leggja til rette for auka bruk av portalen.
- Aktuelle kurs hos HF'a og andre interne kurs er gjort tilgjengelig i læringsportalen.
- Vurdere gjennomføring av medarbeidertilfredshetsundersøking vinter 2016/2017 (eigen regi)

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til personalområdet.

4. HMS

- HMS-handbok med rutinar knytt til HMS-arbeidet.
- Det er etablert ordning for verneombod. Hovudverneombod er medlem av AMU som gjennomfører 6 møter årlig. I HMS-handboka er det oversikt over selskapet sin organisasjon, med oversikt over ansvar, oppgåver og myndighet for HMS-arbeidet.
- Det blir gjort årlig HMS risikoanalyse/ HMS-kartleggingar.
- Det er etablert rutinar for vernerundar kvar veke på alle geografiske lokasjonar.
- Synergi er implementert som rapporteringssystem for ikkje ønska hendingar og oppfølging.
- Alle leiarar har fått opplæring i Synergi, opne saker vert gjennomgått i avdelingsleiar møter.

Utfordringar:

Innmelding og sakshandsaming i Synergi er fortsatt mangelfull, og ein må ha tiltak for å få ein betre meldekultur for HMS saker i Synergi.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til HMS i høve til internkontrollforskrifta.

5. Postjournal og arkiv

- For postjournal og arkivering av inn- og utpost nyttast det regionale systemet ePhorte som sikrar lagring og sikkerhet.
- Arkivering av intern saksbehandling blir lagt på F-disken og på avdelingsvise «Share point»-sider, informasjonen blir sikra gjennom datalagringsrutinar og sikkerheitsrutinar, men krev meir arbeid å søkja opp informasjonen. Disse oppgåvene blir likevel ivaretatt og sikrar drifta av verksemda.

Utfordringar:

Arkivverdig dokumentasjon som i dag vert lagra på F-disken eller Sharepoint, blir ikkje arkivert i ePhorte.

Arkivverdig e-post blir ikkje arkivert i e-Phorte, men ligg hjå den enkelte saksbehandlar.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar for å ivareta postjournal og arkiv.

Helse Vest IKT skal følgje etablert strategi som resten av helseføretaka i regionen og vil arbeide aktivt for å ta i bruk e-postløysinga/sakshandsaming via outlook i løpet av 2017. Vidare arbeide aktivt med å utvide bruken av ePhorte basert på gjeldande regional strategi.

6. IKT-sikkerheit internt i Helse Vest IKT.

- Det er etablert ein regional IKT-sikkerheitsinstruks.
- Det er etablert eit regionalt styringssystem for informasjonssikkerheit. Ein starta felles regional revisjon av dette styringssystemet i desember 2015. Revidert styringssystem leggst fram i AD-møtet i oktober eller november.
- Helse Vest IKT etablerte i 2015 ITIL-prosess for informasjonssikkerhet.
- Det er etablert regional metodikk for ROS – denne brukast i alle føretak, også Helse Vest IKT. HV IKT utfører ROS-analyser på bestilling frå dei andre verksemdene i Helse Vest og frå prosjekt og program. Trenden på ROS-analyser er aukande.
- Det blir og jobba med risikostyring for IKT-infrastruktur og for applikasjonar/system internt i Helse Vest IKT.
- ROS-analyser vert dokumentert på SharePoint med verktøystøtte for aktiv risikostyring for prosjekt og linje. Ein har ansvarleg både for risikoar og tiltak og føl opp desse for å sikre eit akseptabelt risikobilete og god informasjonssikkerheit.
- Det er etablert rutinar for å rapportere mogelege sikkerheitsbrot og avvik internt i Helse Vest IKT sitt sakshandsamingssystem Assyst. Slik rapportering auka også i 2015. Desse avvika rapporterast kvar månad til leiing i Helse Vest IKT og SLA-rapporten ut til kundane. IKT-sikkerheitsleiarar i føretaka får og rapporten.
- Faktiske sikkerheitsbrot vert rapportert til IKT-sikkerheitsleiar i helseføretaka for oppfølging, også gjennom Synergi. Føretaka vurderer sjølvstendig vidare rapportering til Datatilsynet og andre myndigheter.
- Helse Vest IKT får også rapportert sikkerheitsbrot frå føretaka i Synergi. Rutinar for rapportering på tvers har vore handsama i regionalt sikkerheitsutval. (SU).

- Helse Vest IKT scanner aktivt alle serverar for sårbarheiter og svakheiter kvar veke gjennom heile året. Avvik vert fylgt opp.
- IKT-sikkerheitsleiar rapporterer til administrerande direktør og avdelingsleier for Tenesteproduksjon.
- Leiinga rapporterer årleg ei gjennomgang av IKT-sikkerheit i styret og til kundar. Vidare rapporterer ein overordna risiko for infrastruktur til styret gjennom året. Beredskapssituasjonar vert og rapportert til styret.
- Helse Vest IKT har fått utført inntrengingsstestar for DIPS EPJ-system (re-test) og Digitalt Mediarkiv (ny test) haust 2015. I tillegg gjorde HelseCERT ein test på innbrot i infrastrukturen november 2015. Alle funn i slike testar vert fylgt opp. Det er planlagt ein ny test frå HelseCERT i oktober 2016.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderer å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytt til IKT-sikkerhet.

7. Miljøsertifisering.

- Helse Vest IKT var med i det nasjonale prosjektet «Grønt sjukehus – Innføring av miljøledelse i spesialisthelsetjenesten» med mål om å definere miljøpolitikk, overordna miljømål og handlingsplaner, og vart sertifisert etter ISO 14001 i april 2015.
- Periodisk revisjon hausten 2015 viste stor bevissthet og oppfølging rundt miljømål.

Konklusjon:

Helse Vest IKT arbeider med miljøsertifisering med mål om oppretthalde sertifisering i 2016.

Konklusjon

Til definerte tema for internkontroll vurderer administrasjonen å ha tilfredsstillande rutinar i høve metodikken i internkontrollforskrifta for å sikre drift og omdømme for Helse Vest IKT.

SAK 052-16

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Harald Flaten, Ørjan Andersen, Gjertrud Fagerli, Geir Granerud og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Rapportering av risiko per 2. tertial 2016**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **052/16 B**

STYREMØTE: **21.09.2016**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tar rapportering av risiko for Helse Vest IKT per 2. tertial 2016 til etterretning.*
- 2. Styret ber administrasjonen følge opp risikobiletet i Helse Vest IKT.*

Oppsummering

Viser til «Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest» versjon 4.0 for 2012 som vart behandla og godkjent av Helse Vest RHF i styresak 033/12 «Gjennomføring av risikostyring i føretaksgruppa i helse Vest, revidering av retningslinjer».

Etter 2013 skal ikkje risikovurderinga rapporterast til Helse Vest RHF, men som tidlegare år følgjast opp av styra.

Rapportering på risiko i Helse Vest IKT fylgjer vedtekne retningslinjer.

Fakta

Administrasjonen har utarbeid ei vurdering av status på risiko per utgangen av 2. tertial 2016. Det er berre det overordna risikobiletet som er presentert i vedlegg 1 til denne saka. Detaljane er ikkje lagt fram for styret, jfr. tidlegare avklaringar med styret.

Konklusjon

Administrasjonen er av det syn at risikovurderinga viser ein handterleg situasjon for Helse Vest IKT per utgangen av 2. tertial 2016.

Rapportering av risiko for Helse Vest IKT AS per 2. tertial 2016

Matrise for rapportering av risiko:

Risikomatrise per 1. tertial 2016:

		Konsekvens				
Sannsynlighet		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			2.1B		
	Moderat			1.1A,1.1C,1.1E, 1.1F, 2.1A, 2.2D,2.2F		
	Liten		1.1D, 2.1C, 2.1F, 2.2A	1.1B, 1.1G 2.1E, 2.2E		
	Svært liten			2.1D, 2.1G, 2.2G		

Risikomatrise per 2. tertial 2016:

		Konsekvens				
Sannsynlighet		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			1.1A, 2.1B, 2.2D,		
	Moderat			1.1B, 1.1C, 1.1E, 1.1F,1.1G, 2.2E, 2.1F, 2.2F		
	Liten		1.1D, 2.1C, 2.2A	2.1A, 2.1E		
	Svært liten			2.1D, 2.1G, 2.2G		

Risikomatrise 3. tertial 2016:

		Konsekvens				
Sannsynlighet		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor					
	Moderat					
	Liten					
	Svært liten					

Grønt: Tiltak er ikkje naudsynt
Gult: Tiltak må vurderast
Rødt: Snarlege tiltak er naudsynt

Oppsummering

Styringsmål 1: Helse Vest IKT skal sørge for stabil drift med god kosteffektivitet, høg brukertilfredshet og god informasjonstryggleik.

Delmål 1A: Auke graden av automatisering og sjølvbetjening for tilgangsbestillingar

Kritisk suksessfaktor: Gjennomføre prosjekt SEBRA og DIPS brukaradministrasjon i høve til plan

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1A : Forseinkingar i gjennomføringa av prosjekt Sebra og DIPS Brukaradministrasjon på grunn av uføresette forhold. Manglande kapasitet og kompetanse.			

Delmål 1B: Kontroll med endringar på datasystem som kan utføres av ein tilsett med få tastetrykk og med svært stor konsekvens må gjennomførast kontrollert og feilfritt

Kritisk suksessfaktor: Følger endringsprosess. Lagar gode rutinar der fleire er involvert og kontrollerer og godkjenner endringa før iverksetting. Oppfølging av endringa i ettertid med rapporter eller anna avsjekk.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1B: Endringar blir utført med feil. Rutinar blir ikkje følgt. Ei endring viser seg å ha større risiko enn først antatt. Rutinar i Helse Vest IKT er for uklare for når dobbeltavsjekk skal utførast.			

Delmål 1C: Sikre og vidareutvikle god bruk av Felles EPJ for Helse Vest.

Kritisk suksessfaktor: Kompetansebygging på DIPS, Meona og DMA

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1C: Kompetansebygging på DIPS, Meona og DMA Opplæring av tilsette i IKT-fagsenter blir ikkje prioritert i prosjekta. Ufordringar med å rekruttere personell frå HF til arbeid med brukarstøtte.			

Delmål 1D: Etablere «SLA» avtale med helseføretaka om tekniske leveranse til datahallar

Kritisk suksessfaktor: Inngå balansert tenesteavtale som tek omsyn til krav og leveranseevne for begge parter. Dette føreset ein god dialog mellom partane

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1D: Manglande dialog og dermed manglande resultat. Ingen eller uklar SLA.			

Delmål 1E: Betre samhandling og handtering av medisinsk-teknisk utstyr.

Kritisk suksessfaktor: Leverer ihht teknologiplanen: «Ei betra samordning av dei ulike teknologiområda vil auke verdiskapinga.» Utvikle ein betre SLA

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1E: Manglande samarbeid, manglande felles forståing, prioritering, manglande fokus i dialogen rundt medisinsk-teknisk utstyr (MTU).			

Delmål 1F: Betre samhandling og handtering av tele- og signalområdet.

Kritisk suksessfaktor: Leverer ihht teknologiplanen: «Ei betra samordning av dei ulike teknologiområda vil auke verdiskapinga.» Utvikle ein betre SLA

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1F: Manglande samhandling og samarbeid mellom telefoni og IKT. Dårlig samhandling mellom tilsette som blir overført og de som blir igjen i HF'ene.			

Delmål 1G: Sikre at nye avtaler med private leverandører av radiologiske tenester frå 1.9.2016 blir tilrettelagt for i våre system.

Kritisk suksessfaktor: Avklare leiding av arbeidet, definere omfang og starte arbeidet i god tid før avvikling av sommerferie. Inkludere leverandørar tidleg

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
1.1G: Relevant kapasitet i Helse Vest IKT som kjenner det radiologiske fagfeltet er opptatt med drift og etablering av nytt RIS/PACS og Infobroker.			

Styringsmål 2: Helse Vest IKT skal bidra til å gjere pasientbehandlinga enklare ved utvikling av tenester i nær dialog med føretak og brukarar og ved bidrag til innovativ bruk av IKT.

Delmål 2A: Bidra til kontinuerlig utvikling av IKT-løysingar gjennom å legge til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og med dei ulike leverandørane av teknologi og løysingar.

Kritisk suksessfaktor: Auke fokus på leverandørstyring. Skaffe oss eit betre heilskapsbilete av utvalde store system- og konsulentleverandørar, samt vidareutvikle dialog med desse. Medverke til at systemeigarar er tilstrekkeleg med i dialogen med utvalde leverandørar.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1A: For lite fokus på leverandørstyring. Systemeigar for lite med i dialog med utvalde leverandørar.			

Kritisk suksessfaktor: Bidra til å etablere og vidareutvikle drifts- og utviklingsmøter for prioriterte IKT-løysningar/ tenestegrupper

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.2A: Drifts- og utviklingsmøter. Lite formålstenleg form og deltaking på møta.			

Delmål 2B: Medverke til auka fokus på verksemdsarkitektur slik at den støtter opp under innovasjon og føretaksgruppa sine strategiske målsettingar.

Kritisk suksessfaktor: Levere arkitektressursar til Regionalt Arkitekturkontor og program / prosjekt slik at målbildet for verksemdsarkitektur blir vidareforedla, og at endringar gjennom t.d. prosjektleveransar vert gjennomført i tråd med målbildet.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1B: Regionalt arkitekturkontor (RAK). Manglande kapasitet og kompetanse, samt manglande koordinering mellom prosjekt/satsingar			

Delmål 2C: Medverke til auka satsing på innovasjon der teknologi spelar ei vesentleg rolle.

Kritisk suksessfaktor: Helse Vest IKT er ein reell bidragsytar i innovasjonsarbeidet i Helse Vest.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1C: Innovasjonsarbeidet. Manglande kompetanse og/eller kapasitet til å kunne gje gode bidrag.			

Delmål 2D: Levere program-, prosjekt- og testleing til gjennomføring av viktige prosjekt i føretaksgruppa, primært med interne ressursar.

Kritisk suksessfaktor: Redusere talet på innleigde prosjekt- og testleiarar.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1D: Utfordrande å rekruttere slik kompetanse, i tråd med budsjetterte tal stillingar.			
2.2D: Behovet for prosjekt- og testleing samsvarar ikkje med budsjettert tal stillingar, slik at talet på innleigde må oppretthaldast eller aukast.			

Delmål 2E: Levere integrasjoner iht. prioriteringer i Prioriteringsforum og avtalt tid, kost og kvalitet.

Kritisk suksessfaktor: Sikre at vi har ein oppdatert teknisk meldingsplattform, basert på god integrasjonsstrategi og –arkitektur, som støtter nasjonale krav og standardar.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1E: Ekstern meldingsplattform. Naudsynt oppgradering av plattformen er komplekst, tid- og ressurskrevjande arbeid.			

Kritisk suksessfaktor: Ha nok kompetanse og kapasitet

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.2E: Integrasjonar. Krevjande å bygge opp kompetanse og ha nok kapasitet i integrasjonssenteret, andre seksjonar i Helse Vest IKT, i helseføretaka og hjå leverandørane til å levere integrasjonar effektivt.			

Delmål 2F: Etablere felles regional forvaltningseining på EPJ-området i Helse Vest IKT med utgangspunkt i anbefaling frå prosjekt «Optimalisering EPJ forvaltning»

Kritisk suksessfaktor: Sikre god involvering rundt prosessen med overflytting av arbeidsoppgåver og personale frå HF og DPI.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1F: Vanskeleg å identifisere kven og kor stor kapasitet som skal overførast til Helse Vest IKT. Dette arbeidet kan ta tid.			

Kritisk suksessfaktor: Etablere ein modell som også skal kunne inkludere forvaltning av nye system med tilhøyrande arbeidsprosesser.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.2F: Ulik tilnærming i forvaltning av nye løysingar (for eksempel KULE, DMA, RIS/PACS) kan gjera det krevjande å samordne aktiviteten effektivt i den felles forvaltningseininga.			

Delmål 2G: Etablere «tilgang på tvers» i ulike EPJ-løysingar mellom juridiske einingar i Helse Vest med den hensikt å redusere sending av informasjon mellom helseføretaka og bidra med meir effektiv pasientbehandling.

Kritisk suksessfaktor: Konkretisere kortsiktige og langsikte behov og etablere planer for gjennomføring av nødvendige systemtekniske og rutinemessige endringar for «tilgang på tvers».

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.1G: Krevjande systemoppsett og manglande semje rundt korleis oppsettet for deling av journalinformasjon skal setjast opp kan medføre at vi bruker lang tid før vi får på plass hensiktsmessige løysingar.			

Kritisk suksessfaktor: Etablere løysingar og gode rutinar som sikrar sikker tilgang til pasientinformasjon for behandlande personell i heile Helse Vest som let seg handtere gjennom effektiv tilgangsstyring og forvaltning.

Risikoelement	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
2.2G: Vi etablerer midlertidige løysingar som er krevjande å forvalte og følgje opp.			

Fylgjande skalaer for sannsynlegheit og konsekvens er brukt. Dette er i samsvar med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.

Sannsynligheit		Konsekvens	
Svært liten	Skjer tilnærma ikkje/er ikkje tilfelle	Ubetydeleg	Ingen betydning for måloppnåinga
Liten	Vil skje sjeldan/er sjeldan tilfelle	Lav	Liten betydning for måloppnåinga
Moderat	Kan skje/vere tilfelle	Moderat	Vil ha innverknad på måloppnåinga
Stor	Vil med stor sannsynligheit skje/vere tilfelle	Alvorleg	Betydeleg innverknad på måloppnåinga
Svært stor	Vil skje/er tilfelle	Svært alvorleg/kritisk	Svært stor innverknad på måloppnåinga

SAK 053-16

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

SAKSHANDSAMAR: Ørjan Andersen, Geir Granerud og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **System – samordning, standardisering og arkitektur**

ARKIVSAK:

STYRESAK: 053/16 0

STYREMØTE: 21.09.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Viser til sak 21/16 i styremøtet 27.04.2016 der styret ba om fylgjande; «Styret fekk ein oppdatert oversikt over talet på system som Helse Vest IKT forvaltar. Styret bad om ei eiga sak vedrørande utviklinga i talet system, slik at styret får eit betre utgangspunkt for å vurdere situasjonen.» Administrasjonen har i denne saka gitt ei overordna orientering om (1) utviklinga i talet «store» applikasjonar, (2) om handtering av små og mellomstore applikasjonar og (3) informasjon om arbeidet med arkitektur knytt til talet applikasjonar.

Fakta

Om konsolidering av «store» applikasjonar

Helse Vest IKT har frå etableringa i 2004 og fram til i dag arbeid med konsolidering av dei store applikasjonane. Figurane nedanfor viser denne utviklinga.

I 2004 var det stor sett ulike løysingar både for infrastruktur og for de større applikasjonsområda. Unntaket var økonomi og rekneskap der alle helseføretaka fekk innført Oracle Financials ved etableringa av Helse Vest RHF og dei 4 helseføretaka.

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Lab (FlexLab)	Lab (FlexLab)	Lab (Unilab)	Lab (DIPS)
Rtg. (Carestream)	Rtg. (Siemens)	Rtg. (Agfa)	Rtg. (Siemens/DIPS)
Ingen system for teleradiologi			
Op.plan (Orplan)	Op.plan (DIPS)	Op.plan (Orbit)	Op.plan (DIPS)
Tieto IMX	Tieto IMX/G	PiMS / DocuLive	DIPS
NLP lønn, ingen system for HR			
ePhorte	ePhorte	DocuLive SAK	eDok
Innkjøp (Visma)	Innkjøp (Visma)	Innkjøp (Merida)	Innkjøp (Merida)
Økonomi og regnskap (Oracle Financials)			
Ulike løsninger basis tjenester			
Ulik tilnærming til fysisk og logisk nettverksinfrastruktur			

Per dags dato ser bildet ut som vist nedenfor.

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Lab (FlexLab)	Lab (FlexLab)	Lab (Unilab)	Lab (DIPS)
Rtg. (Carestream)	Rtg. (Siemens)	Rtg. (Agfa)	Rtg. (Siemens/DIPS)
Teleradiologi (InfoBroker)			
Op.plan (Orplan)	Op.plan (DIPS)	Op.plan (Orbit)	Op.plan (DIPS)
Felles EPJ (DIPS) HR (Agresso, Gat, Dossier, etc.) Sak/arkiv (ePhorte)			
Innkjøp (Visma)	Innkjøp (Visma)	Innkjøp (Merida)	Innkjøp (Merida)
Økonomi og regnskap (Oracle Financials) Basis tjenester (AD, epost, sharepoint, etc). Fysisk og logisk nettverksinfrastruktur			

Sectra er nå vald som leverandør av RIS/PACS og DMA (Digitalt media arkiv) og LIBRA vil slutføre anskaffing av ny løysing for Logistikk, innkjøp, budsjett, rekneskap og anskaffing i november 2016. Med desse prosjekta gjennomført vil systemlandskapet i 2018 sjå ut som fylgjer;

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Lab (FlexLab)	Lab (FlexLab)	Lab (Unilab)	Lab (DIPS)
RIS/PACS/DMA (SECTRA)			
Teleradiologi (InfoBroker)			
Op.plan (Orplan)	Op.plan (DIPS)	Op.plan (Orbit)	Op.plan (DIPS)
Felles EPJ (DIPS) HR (Agresso, Gat, Dossier, etc.) Sak/arkiv (ePhorte) Logistikk, innkjøp, anskaffing (LIBRA) Økonomi og regnskap (LIBRA) Basis tjenester (AD, epost, sharepoint, etc). Fysisk og logisk nettverksinfrastruktur			

Tempo i denne konsolideringa har vore «regulert» av tilgjengelege ressursar i form av personell og investeringsmidlar. Rekkefylgje har vore drøfta i føretaksgruppa. Dei største applikasjonsområda som gjenstår er laboratoriesystem og system for operasjonsplanlegging.

Innanfor området laboratoriesystem er det i dag 16 ulike system frå 5 ulike leverandørar. Innanfor Blodbank har alle helseføretaka hatt same system i heile perioden, men systemet er framleis sett opp med ein database for kvart helseføretak. Det pågår oppgradering og konsolidering av system for blodbank. Innanfor operasjonsplanlegging er det i dag 3 ulike system i bruk, Helse Førde og Helse Fonna brukar DIPS, Helse Bergen Orbit (levert av Evry) og Helse Stavanger ORPLAN (internt utvikla i Helse Stavanger).

Om handtering av små og mellomstore applikasjonar

I 2012 vart det gjennomført eit internt prosjekt i Helse Vest IKT med den hensikt å rydde og få betre oversikt over den delen av systemporteføljen som består «mindre» applikasjonar. Det vart etablert to tenestegrupper, små og mellomstore system, for å handtere desse på ein meir einsarta måte og samstundes tydeleggjera forvaltingsøkonomien til desse systema. Målet med dette prosjektet var i tillegg å få oversikt over alle system som kunne inngå i tenestegruppene, sikre lik og tilstrekkeleg nivå på forvaltinga, samt etablere ein tydeleg prosess saman med helseføretaka for å sikre god innføring, drift og sanering av løysingane.

Som ein effekt av prosjekt «Neste generasjon PC-plattform»(oppdatering av desktop oppsett til Windows 7) vart administratorrettane på alle klientar fjerna. Applikasjonar som tidlegare vart administrert lokalt på klientane vart vurdert av prosjektet og eventuelt tilgjengeleggjort ved utvikling av ein distribusjonspakke. Dette resulterte i mange fleire system å forvalte for Helse Vest IKT, men gjennom dette fekk vi betre kontroll og auka stabilitet for PC-ane. I realiteten vart summen av applikasjonar redusert ved overgangen til Windows 7.

Nye små eller mellomstore system blir i dag innført ved dialog med ansvarleg part i helseføretaka. Normalt er dette ansvaret plassert på IKT-leiar eller delegert til ein funksjon i den eininga. Om Helse Vest IKT får direkte førespurnad frå ein medarbeidar eller leiar elles i helseføretaket, så går likevel prosessen med godkjenning og etablering av nye system via ansvarleg IKT-eining. I denne dialogen vurderer vi om andre etablerte system med lik eller tilsvarende funksjonalitet kan nyttast før systemet blir installert. Gjennom å avgrense bemanninga i forvaltinga av desse systema, har ikkje Helse Vest IKT djuptgåande kjennskap til all funksjonalitet for alle desse system. Dette kan medføre at vi i enkelte høve installerer nye småsystem som har lik eller liknande funksjonalitet. Kostnadene for å auke kompetansen på korleis alle småsystema fungerer vil overgå kostnaden ved å innføre nokre nye system som vi allereie har tilsvarende funksjonalitet for.


Per 31.august 2016 har Helse Vest IKT 5 årsverk som forvaltar om lag 900 instansar av små system.

Arkitektur og applikasjonsarkitektur

Helse Vest IKT har sette i verk eit arbeide med å etablere metode for livssyklusvurdering av applikasjonar. Ein livssyklusvurdering beskriver om en applikasjon skal konsoliderast, sanerast, leggas om til ny plattform, erstattast eller vidareførast. I vurderinga ser man til dømes på applikasjonens kritikalitet, kvalitet og kostnad. Arbeidet skal gjøre det mulig å etablere ein strategisk applikasjonsstyring, slik at til dømes Helse Vest IKT kan ta initiativ til nye regionale prosjekt.

Helse Vest har ein vedteken «kapabilitetsmodell» (virksomhetsmodell), sjå under, og alle applikasjonar understøtter ein eller fleire kapabilitetar. Det vert arbeid med å knytte alle

applikasjonar opp mot «kapabilitetane», slik at vi både kan vurdere kor godt ein applikasjon støtter ein kapabilitet, og slik at vi kan styre applikasjonsporteføljen betre.



I arbeidet med «*kapabilitetsmodellen*» søker vi samarbeid med Nasjonal IKT HF og Direktoratet for eHelse. I regi av Nasjonal IKT er vi også med i arbeidet med ein «*applikasjonfunksjonalitetsreferansemodell*» basert på den internasjonale standarden HL7 Electronic Health Record System – Functional Model. Dette er eit viktig arbeide for å avdekke overlappende og/eller manglande funksjonalitet i applikasjonsporteføljen.

Konklusjon

Administrasjonen har ved denne saka presentert litt ulike tilnærmingar til arbeidet med system – samordning, standardisering og arkitektur. *Dette er eit langsiktig og krevjande arbeid.*

SAK 054-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Stig Stuve, Ørjan Andersen og Erik M. Hansen
SAKA GJELD: Status «Tilgang på tvers»

ARKIVSAK:
STYRESAK: 054/16 O

STYREMØTE: 21.09.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helseføretaka i Helse Vest har gjennomført konsolidering av databasane for Felles EPJ (DIPS) i den hensikt å kunne gjere bruk av ny lovgiving for pasientjournalar, jfr. lov om pasientjournal. Ny lov og forskrifter til denne trådte i kraft 01.01.2015.

Helse Vest IKT har tett dialog med Eigaravdelinga i Helse Vest RHF og helseføretaka ved fagdirektørane for å bidra til realisering av tilgang på tvers i tråd med ny lov.

«Tilgang på tvers» vart etablert for utvalde grupper og utvalde somatiske journaldokument frå og med 25.05.2016. Dette vart etablert på same tid som pasienten fekk tilgang til den somatiske delen av eigen journal.

Fakta

Program Alle møter har etter mai arbeid vidare med å gje pasienten tilgang til eigen journal også for journaldokument frå psykiatri og rus. Det har i parallell vore arbeid med å utvide «tilgang på tvers» slik at denne også skal kunne utvidast på same tid for desse dokumenttypene. Det har i dette arbeidet vore kontakt mellom dei to prosjekta. Det har vore tett samarbeid med helseføretaka ved fagdirektørane.

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS) i forkant av endringa. Det er identifisert nye risikoområder, men det er ikkje identifisert endring i det samlå risikonivået ved denne utvidinga av tilgang på tvers.

Kommentar

Det er no lagt til rette for at tilgang på tvers kan utvidast frå somatikk til og å omfatte psykiatri og rus frå 19.09.2016. Ved at tilgang på tvers vert utvida til psykiatri, gjer at fleire av dei private, ideelle føretaka innanfor Helse Vest RHF må inkluderast i avtalen mellom partane om slik tilgang. Dette gjeld Jæren DPS, Betanien DPS, Solli DPS og Bjørkeli Voss DPS.

Konklusjon

Det kjem positive tilbakemeldingar på etablering av tilgang på tvers. Det er samstundes ei utfordring at dagens versjon av DIPS (DIPS Classic) i svært liten grad legg til rette for «arbeidsflyt på tvers». Dermed er det for mange manuelle rutinar i samarbeidet mellom helseføretaka når det gjeld pasient- og informasjonsflyt. Det er og grunn til å tru at det må arbeidast meir med informasjon om at «tilgang på tvers» er etablert og no vert utvida.

SAK 55-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT
DATO: 21.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Ørjan Andersen
SAKA GJELD: «Optimalisering EPJ forvaltning» – overdraging av verksemd

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 55/16 B

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret godkjenner at det vert gjennomført overdraging av verksemd knytt til delar av EPJ-forvaltning frå helseføretaka i Helse Vest RHF til Helse Vest IKT AS.*
2. *Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. Særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17.*
3. *Styret ber administrasjonen i samarbeid med helseføretaka om å gjennomføre verksemdsoverdraginga i god dialog med involvert personale.*
4. *Styret ber administrasjonen i samarbeid med helseføretaka om å bidra til å gjennomføre verksemdsoverdraginga fortrinnsvis frå 15.10.2016 og seinast frå 01.11.2016.*

Oppsummering

Innføring og vidareutvikling av felles regionale IKT-løysingar i Helse Vest stiller krav til ytterlegare samordning innanfor EPJ-området. Strategi for Felles EPJ fram mot 2020 har peika på at området bli meir komplekst og arbeidskrevjande. Det blir innført felles system innanfor fleire og fleire funksjonsområder. Identiske system blir satt opp likt og skal forvaltast på ein måte som skal sikre lik bruk på tvers av føretaksgrensene i Helse Vest. Vi treng å utvikle ei heilskapleg forvaltning der vi nyttar vår totale bemanningskapasitet og kompetanse på ein kostnadseffektiv måte.

Fase 1 av prosjekt *Optimalisering av EPJ-forvaltning* blei gjennomført i perioden mai 2015- februar 2016 på grunnlag av sak 12/15 i Direktørmøtet 13.04.2015 «*Etablering av eining for forvaltning av felles journalløysingar i Helse Vest*». I denne saka blei det tilrådd at ei felles forvaltningseininga vert etablert og lagt til Helse Vest IKT. Eit avgrensa utgreiingsarbeid måtte startast for å kunne realisere ei verksemdsoverdraging.

Styringsgruppa for prosjektet og deretter Direktørmøtet i Helse Vest har godkjent leveransane frå fase 1, samt slutta seg til at det vert arbeid vidare med ein ny fase som skal resultere i verksemdsoverdraging av utvalde oppgåver og personell knytt til forvaltninga.

Referat frå Direktørmøtet 6.april – sak 28/16 Optimalisering av EPJ-forvaltning;

«Sak 28/16 Optimalisering av EPJ-forvaltning

Johnny Heggstad deltok i møtet

Fase 1 av å etablere Felles EPJ forvaltning er gjennomført i perioden mai 2015 – februar 2016.

Styringsgruppa for optimaliseringsprosjektet har godkjent leveransane frå fase 1. Leveransane er sett saman av:

- *Revidert anbefaling, optimalisering av EPJ forvaltning*
- *Forvaltningsmodell*
- *Juridiske vurderingar*
- *Referat, flytting av forvaltnings oppgåver*
- *Rapport, risikovurdering*
- *Aktivitetsplan, fase 2*

Prosjektet ber direktørmøtet om å godkjenne dei same leveransane.

Vidare at direktørmøtet godkjenner oppstart av fase 2, som vil vere verksemdsoverdraging av oppgåver og personell knytt til forvaltninga.

Prosjektet tilrår også at forvaltning av leveransane frå Heliks: KULE, DMA og DIPS Arena, må ligge i den same felles forvaltningseininga.

Felles systemeigarskap for desse kliniske løysingane er alt etablert gjennom fagdirektør-kollegiet.

Direktørmøtet gav sin tilslutning organisering av fase 2 som følger:

- *Fase 2 blir organisert som eit prosjekt.*
- *Prosjektet tek utgangspunkt i aktivitetslista som ligg ved saka som bilag 7.*
- *Det blir etablert ei styringsgruppe med fagdirektørane, Ivar Eriksen, Erik M. Hansen og KTV.*
- *Avdelings leiar i Helse Vest IKT, Ørjan Andersen blir prosjektleiar for denne fasen. Han held samstundes fram i rolla som avdelingsleiar, men får noko avlastning i den rolla. I lys av at det er overføring av verksemd til Helse Vest IKT, bør prosjektleiar sitte tett på leiargruppa i Helse Vest IKT og ha god tilgang til kompetanse og kapasitet knytt til økonomi og personalområdet, samt kunne legge til rette for ein god dialog med tilsvarende funksjonar i HF-a.*
- *Det blir etablert ei prosjektgruppe basert på leiarane av EPJ-fagsentra.*
- *Prosjektet skal resultere i styresaker for godkjenning av overdraging av verksemd. Styresakene må først drøftast med tillitsvalde og deretter styrebehandlast i ein rekkefølgje der Helse Vest RHF styret får saka til slutt. Det må tidleg lagast ein plan for kva for styremøter det blir sikta inn i mot.*

Fortrinnsvis bør styrebehandlinga i HF-a skje i juni og i Helse Vest RHF styret i august/september. Det blir utarbeid felles styresak og dokument til drøfting.

- *Rekruttering av ein avdelings leiar (i Stavanger) er lagt til adm. dir. i Helse Vest IKT. Han kan starte rekrutteringa no og tek då atterhald om endeleg styregodkjenning. Dersom rekruttering gir som resultat at ein eigna kandidat kan komme inn relativt raskt, vil det seinare kunne vurderast å gjere eit skifte av prosjektleiar.*

Konklusjon:

1. *Direktørmøtet godkjende leveransane frå fase 1 i prosjektet*
2. *Direktørmøtet slutta seg til oppstart av fase 2 inkludert verksemdsoverdraging av oppgåver og personell knytt til forvaltninga*
3. *Direktørmøtet legg til grunn at forvaltning av leveransane frå Heliks-programmet (inkl. KULE, DMA og DIPS Arena) skal inngå i den felles forvaltningseininga»*

Prosjektet i Helse Vest har på grunnlag av konklusjonen over, utarbeidd denne styresaka som ein felles mal for styresaker som skal behandlast av styra i helseføretaka i Helse Vest, styret i Helse Vest IKT og styret for Helse Vest RHF.

Det er lagt opp til at felles styresak vert handsama i dei ulike styra etter fylgjande plan;

Føretak	Dato for styremøter
Helse Stavanger HF	20. september
Helse Vest IKT	21. september
Helse Førde HF	22. september
Helse Fonna HF	23. september
Helse Bergen HF	28. september
Helse Vest RHF	3./4. oktober

Fakta

Anbefalingar rundt etablering av ny regional forvaltningseining

Prosjekt «Optimalisering av EPJ-forvaltning fase 1» gjennomførte ei analyse av organisering, styringsstruktur og arbeidsfordeling av ulike typar forvaltingsoppgåver i Helse Vest. Prosjektet presenterte anbefalingar til endringar som blei godkjent av styringsgruppa til prosjektet og deretter lagt fram for Direktørmøtet i sak 28/16.

Endringane for den reviderte forvaltningsmodellen er i hovudsak relatert til desse to områder;

1. Oppgåvefordeling mellom helseføretaka og Helse Vest IKT
2. Regionale styringsorgan

Oppgåvefordeling mellom helseføretaka og Helse Vest IKT

Det er eit ynskje om å reindyrke helseføretaka sine funksjoner som lokale systemansvarlege. Rutineoppgåver skal i størst muleg grad samlast i Helse Vest IKT så lenge det ikkje er juridiske eller andre tungvegande grunnar til å behandle oppgåver lokalt. Lokal kapasitet skal sentrerast rundt oppgåver i rolla som systemansvarleg. I gjennomgangen av kva oppgåver som kan flyttast til Helse Vest IKT så nytta prosjektgruppa det etablerte ansvarskartet for journalsystemet DIPS som grunnlag. Dette ansvarskartet, som har blitt utvikla over tid, beskriv dei fleste forvaltingsoppgåver tilhøyrande systemet. Fleire oppgåver som tidlegare vart gjennomført lokalt i kvart helseføretak, blei etter konsolidering av DIPS nødvendig å sentralisere til ein plass for å sikre både stabil drift av løysinga og bidra til ei meir kostnadseffektiv forvaltning. Gjennom vidareutvikling av IKT-løysingane er det nødvendig å gjera revideringar av systemansvarskart.

No som vi etablerer fleire nye felles journalløysingar i regionen, både felles system for kurve- og legemiddelhandtering (KULE), felles digitalt mediearkiv (DMA) og felles system for radiologi (RIS/PACS) så blir det nødvendig å etablere gode ansvarskart som skal sikre ein hensiktsmessig oppgåvefordeling i og mellom einingar i Helse Vest IKT og helseføretaka. Ny regional forvaltingseining må i samarbeid med det pågåande HELIKS-programmet sikre at dei tek tilstrekkeleg omsyn til den nye organiseringa av forvaltinga.

Oppgåver som no skal flyttast frå helseføretaka til Helse Vest IKT er fylgjande;


- Journalsamanslåing
- Meldingar, overvaking og sakshandsaming (relatert til DIPS, men også andre system for Helse Førde sidan dei har sentralisert all meldingsoppfølging.)
- Opplæring (utvikle og vedlikehalde opplæringsmateriell, opplæring av nytilsette og studentar, opplæring i ny funksjonalitet i EPJ)
- Vedlikehald av sengelister, register, behandlingsplaner, med meir.

Det vil fortsatt vera oppgåver som blir utført i kvart helseføretak. Dette er oppgåver som er nært knytt til medisinske vurderingar, rådgjeving og ulike avklaringar med leiing, lokal representasjon i ulike prosjekt og samarbeidsfora og vedlikehald av lokale beredskapsrutinar. Dette er eksempel på oppgåver som ikkje er del verksemdsoverdraging til Helse Vest IKT.

Regionale styringsorgan

Som resultat av ein stadig meir kompleks forvaltning av EPJ-området så må vi vidareutvikle «beslutningssystemet» for å sikre at styring er lagt til dei databehandlingsansvarlege (helseføretak og private, ideelle føretak), heilskap på tvers av løysingar og fagområder, at regionale løysingar forblir regionale, og at vi får ei effektiv sakshandsaming og ressursbruk.

I Direktørmøtet 1. februar 2016 blei denne reviderte styringsstrukturen drøfta, jfr. figuren nedanfor.



Figur 1: Revidert styringsstruktur for EPJ, behandla på Direktørmøte 1.februar 2016.

Gjennom ein revidert styringsmodell blir det lagt til grunn prinsipp om at avgjersler innan forvalting av Felles EPJ blir gjort på konsensus mellom verksemdene, at det er tilstrekkeleg representasjon frå dei ulike verksemdene i ulike organ og at det blir tilgjengeleggjort faglege ressurspersoner frå ulike einingar ved behov.

I vedlagte notat (vedlegg 1) har Helse Vest RHF utarbeida forslag til etablering av «partnarmøte» og implementering av revidert styringsstruktur. Notatet er handsama i styringsgruppa for dette prosjektet, samt i Direktørmøtet 5.september 2016.

Etablering av regionale einingar for EPJ-forvalting i Helse Sør-Øst og Helse Nord

På grunn av fleire store utviklings- og digitaliseringsprogram både i Helse Sør-Øst RHF og Helse Nord RHF, er det også der pågåande prosessar med å etablere regionale senter for forvalting av EPJ og andre kliniske løysingar. Helse Sør-Øst RHF har gitt oppdraget til Oslo Universitetssykehus HF (OUS) som no er i gang med etablering av eit nytt regionalt senter. Senteret ved OUS vil få eit koordinerande oppdrag for å leie og drive ulike faglege nettverk i regionen. For 2016 er senteret ved OUS finansiert med 8 mill. kr. frå Helse Sør-Øst RHF, det betyr i underkant av 10 årsverk. Helse Nord RHF etablerer eit nytt regionalt senter med leining frå Universitetssykehuset i Nord-Norge HF (UNN). Senteret ved UNN har fleire operative arbeidsoppgåver enn senteret i Helse Sør-Øst. I Helse Nord er det lagt opp at dei over tid skal ha opptil 32 tilsette på denne felles regionale eininga.

Det faktum at dei tre regionane som nyttar DIPS etablerer regionale senter for EPJ-forvalting, gjer det lettare å forsterke inter-regionalt samarbeid om samarbeidet med DIPS. Dei to andre regionane har valt å legge sine senter til eit av helseføretaka. Denne problemstillinga har vore grundig drøfta i Direktørmøtet i Helse Vest RHF. Direktørmøtet var i sak 12/15 handsama 13. april 2015 samde om at eit regionalt EPJ-fagsenter i Helse Vest skal leggjast til Helse Vest IKT, ut i frå at dette gjev den mest «likeverdige» styringa av ei slik eining. Det var samtidig semje om at senteret skulle etablerast som ei avdeling i Helse Vest IKT, lagt rett under adm. dir. og at avdelingsleiar burde vere lokalisert i Stavanger. Helse Vest IKT og helseføretaka må leggje til rette for at leining og medarbeidarar i eit regionalt EPJ-fagsenter samarbeider tett med helsepersonell i alle helseføretaka.

Nye forvaltingsoppgåver som blir etablert gjennom HELIKS-programmet

Direktørmøtet har lagt til grunn at forvalting av leveransane frå HELIKS-programmet skal inngå i den nye felles forvaltingseininga. Gjennom dialog med program- og prosjektleiarar og gjennom rapportering frå prosjekta så kjem det tydeleg fram at det allereie no er stort behov for å etablere eit mottaksapparat for oppgåver som må overleverast til forvaltinga. Helse Vest IKT sine etablerte avdelingar skal som tidlegare ta imot oppgåver for å kunne utføre teknisk forvalting og delar av den faglege forvaltinga, men sidan vi no er i ein overgangsfase der vi skal bygge opp ytterlegare kapasitet til ulike større regionale løysingar, så er det mest hensiktsmessig å etablere dette gjennom denne felles forvaltingseininga. For at KULE-prosjektet skal kunne ha kapasitet innanfor dagens prosjektbemanning til å utføre alle sine oppgåver, er det viktig at den regionale forvaltingseininga raskt bygger opp kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å overta ulike oppgåver, blant anna til avtalte opplæringsaktivitetar.

Tilsetjing av avdelingsleiar for ny forvaltingseining

Helse Vest IKT AS har tilsett Vidar Råheim som ny avdelingsleiar. Han kjem frå stillinga som leiar for EPJ-fagsenter i Helse Stavanger HF. Vidar Råheim starta opp i Helse Vest IKT 1. september 2016 og er i gang med å etablere den nye avdelinga for å kunne ta i mot medarbeidarar frå helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Avdelinga vil rekruttere nye medarbeidarar for å kunne handtere ei aukande mengd forvaltingsoppgåver relatert til leveransar frå HELIKS-programmet (Meona kurve, DIPS Arena, SECTRA DMA og SECTRA RIS/(PACS)).

Drøfting

Kartlegging av oppgåver – omfang som skal overførast til Helse Vest IKT

Helseføretaka har organisert handtering av oppgåvene som skal overførast noko ulikt, men i hovudsak blir dei utført av personell på EPJ-fagsentra eller personell i andre einingar som desse samarbeider tett med. I kartlegginga av kor mykje kapasitet som blir nytta til oppgåvene, varierer dette noko på grunn av ulik organisering, kompetanse og kva dei enkelte helseføretaka har fokusert på. Kartlegginga har gitt ein peikepinn på kva kapasitet som trengs til å gjennomføre desse oppgåvene. Likevel er det mange føresetnader som framover kan påverke kor mykje kapasitet det blir behov for til desse og andre relaterte forvaltingsoppgåver. For eksempel vil ei samordning av like eller likande oppgåver mellom helseføretaka kunne medføre meir effektiv sakshandsaming. På kort sikt vil dette også vera påverka av om dagens personell vidarefører oppgåvene med sin kompetanse eller om Helse Vest IKT må sette nytt personell til oppgåvene.

I tabell 1 nedanfor blir kapasitet for ulike oppgåver for kvart helseføretak samanfatta. Sidan det er vanskeleg å definere den eksakte kapasiteten som blir nytta i kvart helseføretak til ulike oppgåver, er det teke utgangspunkt i det vi ser som eit mest muleg reelt kapasitetsbehov og deretter er dette justert noko relatert til fordelingsnøkkelen mellom helseføretaka. Gjennom denne tilnærminga er kapasiteten «normalisert», spesielt for dei tilfella der det er stort kapasitetsavvik mellom helseføretaka. Vi antek at kapasiteten som trengs i eit stort føretak er høgare enn eit lite føretak for dei oppgåvene som skal flyttast.

Den framtidige fordelinga av kostnadane knytt til eit regionalt EPJ-fagsenter vil ikkje verte fordelt etter talet tilsette som vert overdregne i denne overdraging av verksemd, men etter dei innarbeidde fordelingsnøkklane (basert på inntektsfordelingmodellen). Dette vil vere i tråd med gjeldande praksis i Tenesteavtalen mellom helseføretaka og Helse Vest IKT. Det betyr at helseføretak som overdreg færre tilsette enn det som fylgjer av fordelingsnøkkelen, risikerer auka kostnader fordi helseføretaket både vidarefører kostnader til personell som ein beheld, og må ta sin avtalte del av dei regionale kostnadene fordelt etter fordelingsnøkkelen. Ei «normalisering», som tilrådd over og som vist i tabellen nedanfor, vil difor gje den mest «rettferdige» initielle arbeids- og kostnadsfordelinga. Det er og viktig å ta med at samling av desse oppgåvene vert gjort for å redusere variasjon i utføring av forvaltninga, kunne effektivisere arbeidet gjennom felles prosessar, og dermed redusere veksten i framtidige forvaltningskostnad. Det vert her vist til eige punkt nedanfor på side 8.


Oppgåve	Førde	Stavanger	Bergen	Fonna	Helse Vest IKT	Sum
Journalsamanslåing	0,3	1	1,0	0,3		
Meldingar	1	1	1,8	1		
Opplæring	0,6	0,8	2,0	0,6		
Vedlikehald av register, organisasjon, behandlingsplaner, mm.	0,1	0,2	0,2	0,1		
TOTALT	2	3	5	2	10	22
Fordelingsnøkkel EPJ (2016)	13%	27%	45%	15%		

Tabell 1: Bemanningskapasitet til ulike forvaltingsoppgåver som skal overførast til Helse Vest IKT

Det er også lagt til ei kolonne i tabellen over for Helse Vest IKT for å gjera synleg eit potensial på bemanning frå eksisterande seksjonar som kan inngå i den nye regionale forvaltningseininga. På figur 2 under som viser organisasjonskartet til Helse Vest IKT er det merka kva seksjonar denne bemanninga kan komme frå. Overføring av denne bemanninga vil Helse Vest IKT handtere i same tidsperiode som vi no etablerer ny avdeling og rekrutterer inn meir kapasitet til avdelinga.

Tabell 1 inkluderer *ikkje* noko bemanningskapasitet for forvaltning av oppgåver relatert til KULE, DMA, RIS/PACS eller andre aktuelle. Det er pågåande prosesser for å tydeleggjera dette forvaltingsbehovet i samarbeid med

program HELIKS og utvalde prosjekt. Dette er bemanning som vil komme i tillegg til kapasiteten som er definert i tabellen og som må innarbeidast i framtidige budsjett for Helse Vest IKT. Det er ei forventning at plassering av nye oppgåver i ei felles forvaltningseining vil medføre at kostnader og tal tilsette blir lågare enn om kvart enkelt helseføretak stod for denne forvaltninga. Om det syner seg at overført bemanning også vil kunne bidra i utføringa av forvaltingsoppgåver relatert til nye leveransar frå HELIKS, så vil dette redusere vekst i den totale forvaltingsbemanninga. Dette vil også kunne bidra til gevinstar ved å bygge opp kompetanse på tvers av systemløysingane i Helse Vest.



Figur 2: Dagens organisering av Helse Vest IKT. Seksjonar med raud markering inneheld enkelte oppgåver og kompetanse som kan vera aktuell for ny avdeling.

Gevinstar ved å samle oppgåver i ei eining

Det er identifisert økonomiske gevinstar og nytteeffektar innanfor revidert oppgåvedeling og reviderte regionale styringsorgan. Dette føreset at ved overføring av ei forvaltingsoppgåve frå eit helseføretak, må tilhøyrande kapasitet og kompetanse som utgangspunkt også overførast.

Frå fase 1 av prosjektet blei desse gevinstområda identifisert:

«Økonomiske gevinstar kan:

- Tas ut i Helse Vest IKT som følge av rendyrking av rutineoppgaver
- Tas ut i regionale styringsorgan som følge av effektivisering av saksbehandling
- Tas ut i prosjektporteføljen som følge av styrket samhandling med prosjekt og program

(..)

Nytteeffekter kan:

- Tas ut i Helseforetakene som følge av rendyrking av systemansvarfunksjonen
- Tas ut i Helse Vest IKT som følge av rendyrking av rutineoppgaver
- Tas ut i regionale styringsorgan som følge av
 - Styrket evne til helhetlig forvaltning av hele Felles EPJ bredden
 - Effektivisering av sakbehandlingen
- Tas ut i prosjektporteføljen som følge av styrket samhandling»

Helse Vest IKT vil som ein del av ansvaret med å etablere ein ny avdeling og overta ulike forvaltingsoppgåver, følgje opp arbeidet med å detaljere og ta ut gevinstpotensialet med desse endringane.

Vurdering av økonomiske effektar ved verksemdsoverføring

Tabell 1 som viser kapasitet til kvar enkelt oppgåve som skal inngå i ny forvaltningseining har ei berekning som har teke utgangspunkt i kartleggingsarbeidet frå alle helseføretaka i dag. Denne kapasiteten er normert mellom helseføretaka, slik at det for enkelte oppgåver kan vera meir eller mindre kapasitet i tabellen enn kva som faktisk er tilfelle. Berekning av kostnader vil basere seg på faktiske utgifter for overførte oppgåver som inkluderer løn og andre relevante utgifter (pensjon, reiser, utstyr, mm.). For 2016 vil dette gjennomførast ved eit mellomverande mellom helseføretaka og Helse Vest IKT ved at faktiske kostnader for personell som vert overført, vert betalt av Helse Vest IKT og fakturert til helseføretaka. For 2017 og framover vil dette inngå i Tenesteavtalen og i det årlege budsjettarbeidet. Etablert fordelingsnøkkel mellom helseføretaka danner grunnlag for kostnadene som vil bli fakturert og dermed kor mykje helseføretaka kan redusere sine framtidige budsjett på den interne bemanning.

Vurdering av risiko og suksessfaktorar

Risiko:

- Manglande samhandling mellom tilsette som blir overførte, og dei som blir igjen i helseføretaka
- Mange små spreidde fagmiljø blir ikkje raskt nok samla i ein kultur som eit leveransmiljø
- Splitting av fagmiljø
- Lokale fagmiljø kan bli for små til å ivareta lokalt systemansvar
- Dårligare oppleving av kvalitet i omstillingsperioden

Suksessfaktorar:

- Tydeleg og synleg eigarskap frå Helse Vest IKT-leiinga
- God forankringsprosess med dei tillitsvalde ved viktige avgjerder
- God informasjon undervegs til helseføretaka, og til involverte medarbeidarar
- Tenesteavtalen mellom helseføretaka og Helse Vest IKT må utvidast til å inkludere dei nye forvaltingsområda som er tilrådd overført
- Helse Vest IKT og helseføretaka må leggje til rette for at leiging og medarbeidarar i eit regionalt EPJ-fagsenter samarbeider tett med helsepersonell i alle helseføretaka.

Tilråding

Prosjektgruppa har gjennomført ei kartlegging av bemanningskapasitet basert på dei oppgåver som fase 1 av prosjektet konkluderte med skulle inngå i ei verksemdsoverdraging. Styringsgruppa er, basert på kartlegginga, einige om eit nivå som skal danne grunnlag for overføring til Helse Vest IKT. Oppgåvene som skal verksemdsoverdragast blir utført noko ulikt mellom helseføretaka i dag, både med omsyn til kapasitet og organisering. Den regionale forvaltningseininga må vera merksam på dette og handtere det etter beste evne.

Styringsgruppa for prosjektet tilrår overføring av oppgåver med tilhøyrande bemanningskapasitet til Helse Vest IKT og ber styra til helseføretaka, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF godkjenner overdraging av verksemd.

Basert på godkjenning av leveransane frå fase 1 og status for fase 2, vil ei overdraging av verksemd, gitt positive vedtak i dei einskilde styremøta, kunne gjennomførast fortrinnsvis frå **15.10.2016** og seinast frå 01.11.2016.

Overdraging må gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 16-7. Den vidare drifta og utviklinga av EPJ-forvaltning vert inkludert i Tenesteavtalen mellom helseføretaka og Helse Vest IKT i tråd med gjeldande praksis. Det vert lagt til grunn av dei tenestene som vert levert frå Helse Vest IKT, skal vera minimum av same kvalitet som dagens leveransar frå dei lokale EPJ-fagsentra.

Vedlegg

Vedlegg 1: Notat, Styringsstruktur for EPJ forvaltning – omtale av «partnarmøte».15.08.2016, Ivar Eriksen

Notat

Til: Styringsgruppa «Optimalisering EPJ Forvaltning»

Frå: Ivar Eriksen

Dato: 15.08. 2016

Emne: Styringsstruktur for EPJ forvaltning – omtale av «partnarmøte»

Bakgrunn

Fase 1 av prosjekt Optimalisering av EPJ-forvaltning blei gjennomført i perioden mai 2015 - februar 2016. Styringsgruppa for prosjektet og til slutt Direktørmøtet har godkjent leveransane frå fase 1, samt slutta seg til oppstart av fase 2 av arbeidet.

I fase 1 av prosjektet blei det levert anbefalingar til endringar på to hovudområder:

1. Revidering av oppgåvefordelinga mellom HF/DPI og Helse Vest IKT
2. Ny revidert modell for regionale styringsorgan

Ny modell for regionale styringsorgan er nærare omtala i leveransane frå fase 1. Modellen skal sikre styring frå helseføretaka, heilskap på tvers av løysingar og mellom ulike fagområder, samt at vi får til regionale løysingar med effektiv sakshandsaming og ressursbruk.

I modellen blir omgrepet «partnarmøte» introdusert som ny overbygning for styringsstrukturen. I dette notatet blir det gitt ei nærare omtale av «partnarmøte».

Overordna om modellen

I leveransane frå fase 1 er dei regionale styringsorgana for Felles EPJ presentert på følgjande måte:

Regionale styringsorgan



NB! Logiske organer på tvers av organisasjonen – ikke organer i linjen

Leveransane inneheld også ei nærmare omtale av styringsorgana, roller og ansvar samt prinsipp for bemanning. I utgangspunktet er modellen langt på veg samanfallande med eksisterande modell.


Eit sentralt prinsipp for arbeidet i styringsorgana er at beslutningar skal vere basert på konsensus. Samstundes vil det vere slik at dei regionale styringsorgana vil behandla saker der beslutningskompetansen ligg til den enkelte juridisk eining/deltakar i samarbeidet. Det er derfor nødvendig å etablere ei formell overbygning som sikrar og legg til rette for at dei beslutningar som med bakgrunn i lov eller anna formelt grunnlag må gjerast av kvar enkelt juridisk eining, kan bli gjort på formelt sett riktig måte.

Modellen introduserer derfor omgrepet «partnarmøte» som ny overbygning for styringsstrukturen. Gjennom deltaking i «partnarmøte» vil den enkelte deltakar i samarbeidet gjere nødvendige formelle avgjerder og samstundes forplikta seg til gjennomføring i eigen organisasjon.

I dette notatet blir det gjort nærare greie for modellen i den hensikt å legge til retten for at modellen kan implementerast.

«Partnarmøte»

Regionalt beslutningssystem rundt felles EPJ forvaltning skal etablerast slik at beslutningskompetansen blir liggjande hos helseføretaka. Følgjande struktur skal vere gjeldande:



«Partnarmøte» vil vere forankringspunkt for regionale styringsorgan, for å sikre riktig prosess og dokumentasjon ved regionale beslutningar i forvaltninga.

«Partnarmøte»

- er ansvarlig for å godkjenne og sette i verk beslutningar i forvaltninga som ligg til den enkelte deltakar som databehandlingsansvarleg
- skal sørge for nødvendig juridisk bistand i andre styringsorgan etter behov
- er samansett av administrerande direktørar i dei deltakande verksemdene

Tal deltakande partar i samarbeidet vil vere i stadig endring, først og fremst ved at nye deltakarakar trer inn i samarbeidet. Utover dei fire sjukehushelseføretaka i regionen er sju private ideelle verksemdar

innan somatikk/psykiatri deltakarar i samarbeidet. I tillegg kjem Haugaland A-senter. Det vil løpande vere aktuelt å utvide samarbeidet til også å gjelde andre aktørar.

Med bakgrunn i tal deltakande partar i samarbeidet framstår det som lite praktisk å gjennomføre fysiske møter for forankring av saker i «partnarmøte». For dei deltakande partar i føretaksgruppa vil direktørmøtet vere ei eigna arena for forankring, men for dei andre deltakarane vil framlegg av aktuelle saker mest praktisk skje skriftleg og ikkje i møte.

Ansvar for sakshandsaming for og koordinering av «partnarmøte» blir lagt til Helse Vest RHF.

Samarbeidet er tufta på at kvar enkelt deltakar gjer nødvendige interne beslutningar i eiga verksemd i tråd med det deltakarane gjennom «partnarmøte» blir samde om.

Forholdet til ny forvaltningseining etablert i Helse Vest IKT AS

Ansvar og oppgåver som er plassert på dei ulike styringsorgana er omtala gjennom prosjektleveransane. Tilsvarende gjeld for den nye forvaltningseininga. Denne vil vere organisatorisk plassert i Helse Vest IKT og styrt og leia i samsvar med det.

Det blir tilrådd at forvaltningseininga blir gitt i oppgåve å vere sekretariat for strategisk og operativt styringsorgan.

Implementering av ny modell

Aktivitet	Frist	Ansvarleg
Styringsgruppa «Optimalisering EPJ Forvaltning» og Direktørmøtet i Helse Vest gir sin tilslutning til dette notat.	05.09.16	Helse Vest RHF
Tilslutning frå andre deltakarar i EPJ samarbeidet.	30.09.16	Helse Vest RHF
Konstituering av strategisk styringsorgan ⁽¹⁾ .	15.10.16	Regional systemeigar
Konstituering av operativt styringsorgan ⁽¹⁾ .		Regional systemansvarleg

(1) Prinsipp for ansvar, oppgåver og bemanning mv. går fram av leveransane frå fase 1.

SAK 056-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Harald Flaten, Ørjan Andersen og Erik M. Hansen
SAKA GJELD: **Driftsproblem etter oppgradering av DIPS / Oracle**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 056/16 O

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Det var store driftsproblem med DIPS torsdag 09.06.2016. Situasjonen var svært krevende for brukerne av DIPS i alle helseforetakene i Helse Vest RHF og for de private ideelle foretakene innenfor somatikk og psykiatri på Vestlandet. Det ble i etterkant registret saker der det er fare for at situasjonen har gitt konsekvenser for liv og helse.

Denne saken inneholder en kort gjennomgang av hendelsesforløpet og deretter kort oppsummering av læringspunkter fra helseforetakene og Helse Vest IKT. Det er lagt frem forslag til tiltak.

Fakta

Helse Vest IKT gjennomførte en planlagt oppgradering av DIPS og underliggende databasesystem, Oracle, onsdag 08.06.2016 kl. 17:00 – 21:00. DIPS ble under oppgraderingen satt i lesemodus. Erstatningsjournalen ble ikke aktivert. Helsepersonell kunne gjøre oppslag, men ikke dokumentere.

Det var gjennomført en risiko- og sårbarhetsvurdering i forkant. Oppsummeringen av denne var som følger;

- *Det er totalt avdekket 23 risikoer, men ingen er så alvorlige (røde) at det er påkrevd å iverksette tiltak. 7 av risikoene er såkalte "gule" risikoer der det anbefales å iverksette tiltak. Dette gjelder ID# 1, 4, 5, 6, 12, 20 og 21. De fleste av disse risikoene er "gjengangere" der man etterhvert har gjort seg mye erfaringer og har gode sikkerhetstiltak, men det likevel er muligheter for at det kan oppstå uønskede hendelser.*
- *To av de gule risikoene er nye - ID#20 går på treghet mot DIPS Arena etter oppgradering av Classic og er basert på erfaring fra Helse-Øst. Her er et av tiltakene å foreta konkrete målinger før og etter oppgradering.*
- *Den andre nye risikoen er ID#21 og er knyttet til oppgradering av databasen. Sårbarheten her er knyttet til for mange brukere som kan føre til treghet i systemet. Man har i dag ikke mulighet for å ytelseteste slik at det er knyttet en viss usikkerhet til hvordan dette vil fungere i produksjon.*

Torsdag morgen kom de første meldingene om store utfordringer med responstiden i DIPS (Risiko ID#21). Ny versjon av Oracle klarte ikke å kjøre DIPS med tilstrekkelig ytelse. Hovedårsaken til problemene var at optimaliseringen av databasesøkene i Oracle 12 var ulik optimaliseringen i Oracle 11. Dermed ble belastningen på databasen slik at responstidene ble svært dårlige. Tregheten som oppstod hadde en nær sammenheng med antall brukere. Ved for mange brukere gikk databasen i «metning», og DIPS ble i realiteten uten respons.

Helse Vest IKT og DIPS arbeidet intenst med å utbedre responstidene ved å endre på optimaliseringen, men uten tilstrekkelig effekt. Helse Vest IKT utløste beredskap kl. 10.00. Leses kopi av DIPS fra onsdag kveld ble gjort tilgjengelig kl. 12.30. Dette arbeidet tok ca. 1 time og måtte utføres av de ressursene som alternativt kunne utbedre responstidene. Denne beslutningen ble drøftet med fagdirektørene. Erstatningsjournal ble gjort tilgjengelig for helseforetakene og Haraldsplass Diakonale Sykehus fra kl. 12.30. Helse Førde valgte å starte med denne noe senere enn de andre.

Frem til torsdag kl. 16.00 ble spørringer mot databasen som ikke ble optimalisert godt nok i databasen korrigert i DIPS. DIPS kunne dermed benyttes fra kl. 17.00. Fra dette tidspunktet var også belastningen på systemet redusert. Fredag 10.06 var det ikke optimale responstider, men DIPS kunne benyttes av brukerne. Et forsøk på videre utbedring av responstidene fredag kl. 13.15, ledet dessverre til en periode frem til 14.00 med reduserte responstider.

Helse Vest IKT arbeidet sammen med DIPS og Oracle for ytterligere å utbedre situasjonen gjennom hele helgen. Det ble gjennom helgen også avtalt med helseforetakene tiltak for å redusere risiko for tilsvarende problem mandag ved forventet økt belastning av DIPS.

Mandag 13.06 fungerte DIPS tilfredsstillende.

Helse Førde HF benytter også DIPS som laboratoriesystem (LAB) og radiologisystem (RIS). Det har over perioden vært ekstra problemer for disse avdelingene. Dette har vært fulgt opp i dialog med Helse Førde og DIPS.

Drøfting

Helse Vest IKT har oppsummert situasjonen knyttet til det som fungerte bra og det som kunne vært gjort bedre med følgende;

Hva fungerte bra?

- Rask etablering av beredskapsledelse og løsningsteam. Helse Vest IKT hadde hatt en stor beredskapsøvelse 1. juni og alle visste hva de skulle gjøre.
- Kundesenteret la ut talemelding og var ekstra bemannet. Håndterte 1750 telefoner torsdag 9. juni. Halvparten ble besvart, resten la på etter å ha hørt talemelding. 78% besvart innen 1 minutt.
- Hyppige og gode driftsmeldinger og eposter med status til ledelsen i foretakene. Godt samarbeid med kommunikasjonsavdelinger, slik at det ble publisert nyhetsartikler på intranettene.
- HelseCIM ble brukt under hele beredskapen og det ble laget 21 situasjonsrapporter.
- Løsningsteamet fulgte endringsprosess og utførte og logget 24 nødendringer i assyst under beredskapen.
- Endringsrådet gjorde en beslutning torsdag om å utsette alle planlagte endringer mandag som kunne påvirke DIPS.

Hva kunne vært gjort bedre?

- I ettertid kan vi se at risikovurderingen av konsekvenser av ytelsesproblemer etter oppgradering var undervurdert.
- Lesekopi og erstatningsjournal kunne vært klargjort til bruk torsdag morgen.
- De mest risikofylte nød-endringene skulle vært innom beredskapsledelsen for beslutning. En av endringene (fredag kl 13:15) førte til en verre situasjon for en periode på 45 minutter.
- Selv om DIPS kunne brukes, ble «Friskmeldingen» torsdag kl 17:49 sendt ut for tidlig. Fredag morgen startet bra, men tregheten økte utover dagen sammen med økende belastning. Kl 13:15 var det stopp igjen før det etter kl 14:00 igjen fungerte noenlunde,

jfr. punktet over. «Friskmelding» burde ikke vært sendt ut før vi så resultatet av full belastning dag 2.

- Distribusjonslistene i HelseCIM hadde noen hull og mangler. Dette er utbedret nå.
- Erstatningsjournalen som ble lagt ut mandag 13. juni var ikke i skrivemodus. Kun i lesemodus. Dette skyldtes en kommunikasjonssvikt mellom beredskapsledelse og løsningsteamleder. Feilen fikk ingen konsekvens da DIPS produksjon fungerte.

Konklusjon

Helseforetakene har laget tilsvarende oppsummeringer av hva som har fungert og hva som må forbedres. I det regionale AD-møtet 05.09.2016 ble alle disse oppsummeringene lagt frem og drøftet. Dette resulterte i at følgende felles tiltak må gjennomføres for å bedre beredskapen ved senere situasjoner med bortfall av DIPS;

- Helse Vest IKT og helseforetakene må sammen vurdere risikobildet i forkant av framtidige oppgraderinger. Til nå har dette vært ivaretatt ved at regionalt sikkerhetsutvalg kalles inn til ROS-analyser som angår to eller flere foretak. Det må vurderes om dette er tilstrekkelig for sentrale, regionale løsninger. Særlig må konsekvensutredning drøftes med foretakene. Foretakene må få være med på å beslutte: GO/NO-GO for større oppgradering i et formelt møte. Dette tas inn i SLA 2017.
- Varsling må gjennomføres i tråd med regional beredskapsplan når problemer oppstår. *Tidlig* varsling er viktig.
- Helse Vest IKT har *forhåndsgodkjenning* fra foretakene til å sette opp DIPS Lesekopi/Erstatningsjournal dersom situasjonen krever det. Dette tas inn i SLA 2017. Distribusjon av DIPS ikon for lesekopi skal legges på alle pc-er, slik at det raskt kan aktiveres ved behov. I dag er det behov for omstart/logge av og på for å få frem ikonet. Helse Vest IKT vurderer automatisert tilgangsstyring av Erstatningsjournal. Det må avklares med hvert foretak at ønskede enheter inngår i Erstatningsjournal (t.d. poliklinikker).
- Det er viktig med tett dialog mellom EPJ-fagsentrene og Helse Vest IKT for å få god informasjon om brukeropplevelse i tillegg til å svare ut spørsmål fra foretakene, og gi viktig informasjon fortløpende.
- Helse Vest IKT benyttet HelseCIM under hele hendelsen, men HelseCIM ikke benyttet av alle foretakene. Dermed ble ikke HelseCIM benyttet for å informere mellom foretakene. Bruken av HelseCIM bør følges opp som en del av det regionale beredskapsarbeidet.
- Varsling av eksterne parter (fastleger, kommuner, etc.) bør avklares og rutiner for dette avtales i SLA 2017.

SAK 057-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen
SAKA GJELD: **Status oppfølging av Forretningsplan for Helse Vest IKT**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 057/16 O

STYREMØTE: 21.09.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Administrasjonen har i denne saka lagt fram ein kort status for arbeidet med tiltak i gjeldande versjon av Forretningsplan for Helse Vest IKT. Forretningsplanen var sist revidert ved styresak 089/15, handsama i styremøtet 16.12.2015. Det er i faktadelen av saka lagt fram dei tiltak som vart tekne inn i den reviderte Forretningsplan (dette har styret handsama tidlegare). Det er deretter gitt ein kort status for kvart tiltak.

Fakta

Nye tiltak for perioden 2016 – 2017.

Administrasjonen vil tilrå fylgjande nye tiltak for perioden 2016 – 2017;

- **Profesjonell leverandørstyring**

Dette tiltaket vert vidareført frå gjeldande versjon av Forretningsplanen. Helse Vest IKT vil innføre beste praksis-metodikk for leverandørstyring, jf. ITIL-rammeverket. Etablering og vidareutvikling av samarbeidet med Helse Vest Innkjøp HF vil inngå i dette arbeidet. Dette tiltak må også sjåast i samanheng med tiltak knytt til initiativ for «kostnadsnett», jfr. nedanfor.

- **Strukturert EPJ (DIPS Arena)**

Dette tiltaket vert vidareført frå førre revisjon av Forretningsplanen. Overgangen til DIPS Arena og dermed innføring av strukturert journal har tatt lenger tid enn tidlegare planlagt. Det er og ei erkjenning at dette er eit omfattande arbeid der Helse Vest IKT si oppgåve vil vere tilrettelegging og forvaltning av ei regional løysing. Arbeidet med strukturert journal føreset standardisering av strukturar og termar i journalen. Dette må vere forankra i nasjonalt samarbeid i regi av Nasjonal IKT HF.

Nye kundar

Helse Vest IKT sine moglege kundar kan kategoriserast slik:

- a) *Heileigde helseføretak under Helse Vest RHF*
- b) *Private ideelle aktørar innanfor somatikk og psykiatri*
- c) *Private ideelle aktørar innanfor rusomsorga*
- d) *Private kommersielle aktørar som har avtalar med Helse Vest RHF, mellom anna avtalespesialistar*
- e) *Private kommersielle aktørar utan avtale med Helse Vest RHF*
- f) *Helse- og omsorgssektoren utanfor spesialisthelsetenesta, primært kommunar og fastlegar*

Helse Vest IKT gjennomført i 2014 ei eiga utgreiing av forholdet til små og mellomstore kundar, jfr. lista over. I styresak 057/14 gav administrasjonen fylgjande tilråding;

«Administrasjonen tilrå vidare arbeid med punkt 1 over (kommunale Akuttdøgneiningar). Det er alt sett i gang formelt prosjektarbeid saman med Helse Førde HF og ØH-sengepost ved Lærdal Sjukehus. Det er tilsvarande planar for ØH-sengepostar i Sunnfjord og Nordfjord. Administrasjonen vil i tillegg rå til at prosjektet tek kontakt med alle HF, for å få ein samla kartlegging av kommunale

ØH-sengepostar i Helse Vest. Basert på denne kartlegginga, vert aktuelle kommunar kontakta for å avklare interesse for slikt samarbeid.

Administrasjonen er av det syn at tilbod knytt til drift av legekontor (punkt 2 og 3) bør vurderast vidare, men dette bør berre vere eit alternativ dersom det over tid kan bidra til etablering av felles system. Drift åleine er ikkje tilstrekkeleg strategisk til at Helse Vest IKT bør gå inn i den «marknaden». Helse Vest IKT deltek på eit møte med fastlegar i Stavanger 01.10.2014. Tilbakemeldingar frå dette møtet vil inngå i dei vidare vurderingane. Vidare arbeid med punkt 3 fylgjer av resultatet av punkt 1 og 2.

Administrasjonen er alt i dialog med Helsedirektoratet om utvida bruk av Kjernejournalen (punkt 4). Tilrådingane frå denne rapporten understrekar at dette arbeidet må vidareførast og forsterkast. Helse Vest IKT vil og ta dette tema opp via Nasjonal IKT HF.»

Helse Vest IKT har hatt dialog med alle kommunane i Helse Vest om kommunale Akuttdøgn einingar. Per dato vert DIPS nytta på Jæren og i Lærdal. Det er initiert prosjekt for innføring medio 2016 i Nordhordland (Knarvik) og det er meldt interesse frå Voss og omliggande kommunar. Det i tillegg komme spørsmål frå fleire kommunar om lesetilgang til DIPS for slike einingar.

Når det gjelde legekontor, er Helse Vest IKT av det syn at det er avtalespesialistar som er den relevante målgruppa. Dette er ein naturleg konsekvens av det sannsynlege konseptvalet for utgreiinga om «Ein innbyggjar – ein journal», konsept **K9**. Dette er og i tråd med planar som DIPS har for utviding av deira kundegrunnlag. Avtalespesialistar som har avtale med Helse Vest RHF vil difor vere ei naturleg kundegruppe for utviding av samarbeidet om pasientinformasjon i Helse Vest. Ei slik satsing må vere basert på tilslutning til initiativet frå Helse Vest RHF og helseføretaka i Helse Vest.

Helse Vest IKT vil og vidareføre samarbeidet med det nye «Direktoratet for eHelse» rundt midlertidige grep som kan forenkle meldingsutvekslinga i perioden fram mot realisering av «Ein innbyggjar – ein journal».

- **Automatisering / sjølvbetjening**

Helse Vest IKT har over mange år arbeid med integrasjon mellom ulike system for autentisering og tildeling av autorisasjon. Samlepunktet er etablert og vidareutvikla. Helse Vest IKT er av det syn at det er potensiale for ei tydelegare satsing på automatisering av oppgåver som vert utført internt i Helse Vest IKT og/eller ei vidareutvikling knytt til sjølvbetjening utført av tilsette i helseføretaka.

- **Gevinstrealisering**

Gevinstrealisering vert i aukande grad sett på dagsorden i føretaksgruppa Helse Vest. Ansvar for gevinstrealisering for IKT-løysingar som vert innført i helseføretaka ligg i føretaka. Helse Vest IKT si rolle er å bidra med metodikk, med kartlegging, med kost/nyttevurderingar, etc. Temaet gevinstrealisering har vore opp i fleire samanhengar. Administrasjonen er av det syn at dette tema bør inngå i tiltak for den

kommande perioden. Administrasjonen vil tilrå at det vert arbeid med fylgjande (ikkje uttømmende liste);

- *Arbeide meir med språk, kommunikasjon og forventningar til kvarandre.*
- *Ein praktisk tilnærming – bygge på «dei gode eksempel»*
- *Bidrag til utvikling av metodikk.*
- *Større fokus for program og prosjekt på mål som kan etterprøvast.*
- *Vurdere bruk av «realiseringsavtaler» mellom interessentane*
- *Bistand til linja med kost/nytte, datainnsamling, vurderingar, oppfølging, etc.*

- **Innovasjon**

Det er ei aukande satsing på innovasjon i samfunnet i stort. Helse Vest IKT sette innovasjon på dagsorden i 2011. I omorganiseringa per april 2015 vart det laga ei eiga avdeling for Innovasjon og arkitektur. Helse Vest IKT er involvert i fleire innovasjonsprosjekt saman med helseføretaka. Helse Vest IKT er og involvert i prosjektsøknadar til Norges Forskningsråd. Basert på dette vil administrasjonen tilrå eit eige tiltak med fokus på innovasjon og med fylgjande innretning;

«Helse Vest IKT skal være ein pådrivar i IKT-innovasjon med spesielt fokus på;

- a) å skape gode brukaropplevingar og*
- b) Helse Vest IKT skal bidra aktivt i innovasjonstiltak i helseføretaka, der IKT er involvert.»*

- **Strategi for «Sourcing»**

Administrasjonen viser her til styreseminar i juni 2015 og til handsaming av vidare arbeid med «Strategi for sourcing» gjennom hausten 2015. Gartner Norge er engasjert for å bidra til denne utgreiinga. Målsettinga med dette arbeidet er at; «... å forstå og synleggjere dagens situasjon for «sourcing» i Helse Vest IKT og komme med forslag til eventuelle forbetringar av den samla IKT-operasjonen basert på dei mulighetene som finns i bruk av ulike modellar for å anskaffe nødvendig IKT kapasitet i eit framtidig perspektiv.» Det er naturleg at dette tema vert teke inn som ei eige tiltak i Forretningsplanen for Helse Vest IKT.

- **Initiativ for «Kostnadskutt»**

Helse Vest IKT har heilt sidan etableringa arbeid med kostnadseffektivitet. Ved etableringa av Helse Vest IKT vart det sett klare mål for uttak av synergjar som fylgje av samanslåing av IT-avdelingane i helseføretaka. Helse Vest IKT rapportar årleg i årsrapporten dei fyrste 5 åra på måloppnåing, jfr. fylgjande henta frå årsrapporten for 2009; «*Rekneskapsresultata for Helse Vest IKT viser at det er henta ut samordningsvinster kvart år frå 2005 til og med 2009. Akkumulerte samordningsvinstar etter 2009 er dermed ei årleg innsparing på 51,4 mill. kr. Helse Vest IKT har såleis nådd avtalte mål om samordningsvinstar. Med dette vil etableringa av Helse Vest IKT AS ha gjeve ein akkumulert samordningsvinst for åra 2005 - 2009 på om lag 150 mill. kr. For 2010 er det budsjettert med ein ytterligare effektivisering med 10 mill. kr.*»

Etter 2009 har årleg «effektivisering» lagt på 2 – 3 %. I lys av dei tiltak som er foreslått teke inn i Forretningsplan, er administrasjonen av det syn at særleg tiltaka; Profesjonell leverandørstyring, automatisering/sjølvetjening og strategi for

«sourcing» i sum bør gje Helse Vest IKT eit *potensiale* for eit initiativ over perioden 2016 – 2017 for ein strukturert gjennomgang av «kostnadsbasen» med det mål å gjennomføre ein systematisk kostnadsreduksjon knytt til aktivitet, avtalar, avtaledekning, prosessar (LEAN), leveranse kvalitet, «sourcing», etc.

Administrasjonen vil i denne samanheng peike på at «kostnadskutt» ikkje kan sjåast isolert, men må sjåast i samanheng med annan endring i aktivitet.

Kommentar

Tiltak for 2016 – 2017	Status
Profesjonell leverandørstyring	Det vert teke utgangspunkt i bakgrunnsmateriale frå vurdering av «Sourcing» (samarbeid med Gartner) for å kategorisera leverandørane: - «Strategic vendors» (strategiske eller høy risiko) - «Legacy vendors» (viktige, med høy kost, men ikke strategisk) - «Emerging vendors» (innovative, nisje, men med relativt lav kost) - «Tactical vendors» (etablerte IT-leverandører, gjerne innan drift) I første omgang er det prioritert å definere dei strategiske leverandørane, og få betre oversikt over dokumentasjon (avtalar) med desse.
Strukturert EPJ (DIPS Arena)	Dette tiltaket er i hovudsak fulgt opp av Program HELIKS. Helse Vest IKT bidrar til dette arbeidet saman med helseføretaka.
Nye kundar	DIPS er innført for kommunal ØHD eining for kommunane i Nordhordland og Gulen (Knarvik). Det er interesse frå kommunale ØHD einingar om løysing for Lesetilgang til DIPS. Helse Vest IKT klarte ikkje å prioritere vurdering av ei slik løysing i 1. halvår 2016. Det er fare for at dette fyrst kan prioriterast i 1. halvår 2017. Helse Vest IKT og Hospitalet Betanien vil starte eit felles forprosjekt for å avklare grunnlag for endring av samarbeidet (overgang til fulldriftsmodell), jfr. sak 048/16, punkt 4. DIPS Arena kan enno ikkje nyttast som løysing for avtalespesialistar. Helse Vest IKT har difor ikkje fulgt opp denne «tråden» enno.

Automatisering / sjølvbetjening	Arbeid med automatisert testing er påbegynt både i integrasjonssenteret og i seksjon Test og innføring. Verktøy for automatisert produksjonssetting er tatt i bruk i seksjon Utvikling, og basert på erfaringane her, vil «bredding» til andre delar av Helse Vest IKT verte vurdert. Seksjon Styringsdata arbeider i samarbeid med Helse Vest RHF om etablering av sjølvbetjeningsløysing innan datavarehus og rapportering. Seksjon Utvikling har laga løysingar for automatisering av oppgaver i avd. Tjenesteproduksjon. Vidare utvikling av Samlepunktet for ytterlegare automatisering av oppgåver knytt til brukeradministrasjon, er under planlegging. Dette krev kapasitetsauke med omsyn til utvikling, og ein tydelegare operasjonalisering av systemansvar.
Gevinst-realisering	Helse Vest IKT har tatt del i arbeidet med revisjon av modell for kost/nytte saman med helseføretaka og Helse Vest RHF, og vi har teke initiativ til ein «workshop» saman med Porteføljekontoret for å gjere modellen betre kjent. Forslag til modell er til vurdering hos økonomidirektørane. I tillegg er ressursar frå Helse Vest IKT sentrale i arbeidet med gevinst i Program Alle møter og i Program HELIKS.
Innovasjon	Helse Vest IKT deltek aktivt i det regionale Innovasjonsnettverket. Helse Vest IKT er med i konsortiet (leia av Helse Bergen HF) som fekk innvilga 5 årig finansiering til programmet INTROMAT.
Strategi for «sourcing»	Sluttrapport levert i styresak 040/16. 4 områder vert fylgt opp vidare, jfr. styresak 061/16 om Løysingsutvikling.
Kostnadskutt	Arbeidet rundt strategi for sourcing fant ingen område som hadde store muligheiter for kostnadskutt, men det vert arbeid vidare med dei områda som vart definert i rapporten. Arbeidet med gjennomgang av dei største leverandørane er i gang, i første omgang DIPS, kor vi har utarbeida oversikt over alle modular som er avtalt/fakturert, og kor det er usikkert om dei faktisk er i bruk. Vi vil gå i dialog med DIPS om dette i haust.

Konklusjon

Administrasjonen har i fyrste halvår prioritert arbeidet knytt til Strategi for «sourcing», og leveranse av sluttrapport til styremøtet i juni. Status for oppfølging av denne, samt arbeid med øvrige tiltak i forretningsplanen er vist over.

SAK 058-16

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 14.09.2016

SAKSHANDSAMAR: John Henrik Wollan, Gjertrud Fagerli, Geir Granerud og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Arkitektur og integrasjon - Program HELIKS

ARKIVSAK:

STYRESAK: 058/16 O

STYREMØTE: 21.09.2016

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

I styreseminaret 03.06.2016 vart det gitt fylgjande presentasjon gitt; «*Sammenhenger og utfordringer for de kliniske løsningene for pasientjournaler, kurver, legemiddel og bilder*». Presentasjonen vart gitt av Programarkitekt Jan Helge Norekval, Helse Vest IKT og ass. programleder Lars Ivar Mehlum, Helse Bergen HF.

